



Statens landbruksforvaltning
Norwegian Agricultural Authority

Årsrapport 2008



Forsidebilette: Gardsbruk på Lesja med Lågen i føregrunnen.

Mange av bileta i årsrapporten er tekne av SLFs egne ansatte.

Arve Gladheim: s. 4–5, 28, 29, 32, 33, 50; Sten Erik Knive: s. 26, 30;
Helge Vittersø: s. 36; Per Gunnar Aftret: s. 40; Hege Sørensen: s. 44;
Sverre Saxebøl: s. 51; Mari Vartdal: s. 56.

© Husdyrfoto v/ Vera Gjersøe: s. 3, 10, 15, 16, 22, 25, 38, 49, 52, 58
og omslag. Oskar Puschmann: s. 12. Torbjørn Tandberg: s. 5.
Dei andre bileta er frå Istock og Scanstock.

Design og trykk: Grafia kommunikasjon AS.

09-50401/500. www.grafia.net

Trykt på miljøvenleg papir.



Innhold

ADMINISTRERANDE DIREKTØR HAR ORDET	4
DETTE ER STATENS LANDBRUKSFORVALTNING	6
ÅRSKAVALKADE 2008	8
REKNESKAP 2008	10
NORSK LANDBRUK OG KLIMA	12
RESSURS, SKOGBRUK OG AREAL	16
LANDBRUKSPRODUKSJON	26
OMSETNING OG MARKNADSTILTAK	32
HANDEL OG INDUSTRI	40
ADMINISTRASJON	50
KONTROLL	56
BEREDSKAP	58



Administrerende direktør har ordet

Året vi har lagt bak oss, har vore eit vendepunkt for prisane på landbruksvarer internasjonalt. Korn, oljefrø og meierivarer hadde ein stor prisauke fram til mars/april. Så fall prisane raskt tilbake til nivået frå året før. I august 2007 tangerte prisen på nordamerikansk matkveite prisen på norsk kveite og gjekk vidare oppover. Så fall prisen, og i juli 2008 kryssa den amerikanske priskurva igjen den norske på veg ned. Dette er større variasjonar i tilbod og etterspørsel enn vi har sett før. Marknadene er i endring, mens dei politiske rammevilkåra for verdshandelen enno er uavklarte etter brotet i WTO-forhandlingane i sommar. Norske prisar blir fastsette gjennom jordbruksavtalen og er enno stabile. Situasjonen internasjonalt verkar likevel inn på den norske marknaden, mellom anna fordi han påverkar konkurransesituasjonen for norsk matindustri. Statens landbruksforvaltning (SLF) styrkjer derfor marknadsovervakinga og kompetansen knytt til internasjonale råvaremarknader i tida framover.

Det blei importert landbruksvarer til ein verdi av 34 mrd. kroner i 2008. Det er ein auke på 16 prosent frå året før. EU har enno ein dominerande posisjon, med ein prosentdel på 69, målt i importverdi. Importen frå dei minst utvikla landa har trass i null toll inn til landet enno berre 0,9 prosent av den samla importverdien. I 2008 blei ordninga utvida til å omfatte ytterlegare 14 land. Importen frå dei 14 nye landa har auka i 2008, men importen frå dei minst utvikla landa har samtidig gått noko ned. SLF vil følgje utviklinga framover for å auke kompetansen knytt til desse landa sitt potensial til å eksportere til Noreg med sikte på å auke den relative delen deira.

Den norske marknaden for landbruksvarer har i 2008 vore prega av at etterspørselen er større enn produksjonen. Råvareprisane utanfor Noreg har vore høge. Det har derfor vore låg toll på man-

ge landbruksvarer i 2008 samtidig som det har vore fullt mogleg å ta ut dei avtalte målprisane.

Nedgangen i talet på norske landbruksføretak blei i 2008 1,9 prosent, målt i kor mange som søkte produksjonstilskot. Det er mindre enn i dei seinaste åra. Produksjonsnivået i norsk landbruk er i all hovudsak som før. Det er ulike former for samarbeid om drifta og tilpassingar til regelverket, særleg i husdyrproduksjonen. Dette inneber kontrollutfordringar for forvaltninga. Regelverket som SLF forvaltar overfor landbruksføretaka, er mangfaldig og til dels komplekst. Det kan også vere krevjande for dei næringsdrivande. Det er viktig at regelverket blir meir oversiktleg, og at det blir forvalta på ein meir einsarta måte.

Landbruket står for 9 prosent av klimautsleppa. Sjølv om det enno er behov for å redusere utsleppa, blir det for snevert å rette søkjelyset berre mot utslepp. Ein meir klimaeffektiv landbruksproduksjon, bidrag frå landbruket til auka binding av karbon i jord og biomasse og satsing på bioenergi vil bli viktige stikkord i tida framover. Det er stort behov for kunnskapsutvikling og forskning på dette området.

Miljøprogramsatsinga og vektlegginga av kulturlandskap har vore viktig i 2008. Satsinga på ei einsarta og stadbunden tilnærming med brei deltaking frå interessentar lokalt, regionalt og nasjonalt i utviklinga av programma blir gjennomført i samarbeid med miljøstyresmaktene.

Økologisk areal og karensareal utgjorde til saman 5 prosent av jordbruksarealet i 2008. Det kan bli utfordrande å nå målet om 15 prosent innan 2015. Omsetningstala viser ein auke på 30 prosent



i 2008 frå 2007. Auken i omsetninga blir dekt gjennom import. Norsk produksjon har eit potensial i den økologiske marknaden. Det er ført vidare tiltak på brei front i 2008 for å stimulere både til større produksjon og til etterspørsel etter økologiske varer. Prosjektet *Økolyft i kommunar* med 52 kommunar som deltakarar er eit døme på korleis offentleg sektor kan engasjerast til å ta eit felles ansvar for utviklinga av økologisk produksjon og marknad.

Jordvernet og arealbruken har fått mykje merksemd i 2008. Øn-sket om lokal vekst og næringsutvikling kan komme i konflikt med omsynet til jordvernet. Utviklinga internasjonalt, klimaspørsmålet og behovet for å auke matproduksjonen i verda i åra framover viser at det er viktig å verne den jorda der vi skal produsere mat til eiga befolkning.

Arealbruken er enno ikkje i samsvar med arealpolitikken. Årleg omdisponering av landbruksareal er for høg til å nå det vedtekte målet om halvering av omdisponeringa innan 2010. Analysar som SLF har fått utført, viser dessutan at fleire kommunar omdisponerer meir areal enn dei rapporterer i KOSTRA. Det er behov for å styrkje kunnskaps- og rapporteringssystema. SLF har nytta motsegnretten for samla 1100 daa i 2008.

Marknadsutsiktene i skogbruket er prega av endringane i råvareprisane og av at aktiviteten i byggenæringa har gått ned. Skogbruket er den delen av landbruket som merkar mest til finanskrisa. Gjennomsnittsprisen på tømmer blei redusert frå 372 kr/m³ i 2007 til 361 kr/m³ i 2008. Investerings tiltaka i skog har likevel auka i 2008. SLF har lagt vekt på samarbeidet med organisasjonane i skogbruket i 2008. Utviklinga av SLF som skogbruksmyndigheit er teken godt imot av aktørane i næringa.

Statens landbruksforvaltning har dei seinaste åra fått ei rad nye oppgåver. Det er også teke i bruk mange elektroniske saksbe-handlingsløysingar som i første rekkje bidreg til effektiviseringsgevinstar blant dei næringsdrivande og i kommunal og regional landbruksforvaltning. Dette inneber eit større behov for midlar til drift og vedlikehald. SLFs budsjett er likevel blitt redusert mellom anna gjennom rammekutt. Det er derfor gjennomført reduksjonar i talet på stillingar, og det vil bli nødvendig med ytterlegare innstrammingstiltak dersom finansieringssituasjonen ikkje blir betra.

Ola Christian Rygh

Adm. direktør





Dette er Statens landbruksforvaltning

Statens landbruksforvaltning (SLF) skal utføre direktoratsoppgåver for Landbruks- og matdepartementet (LMD). SLF er fagmyndigheita som sikrar ei einsarta forvaltning av verkemiddel i heile landet og gjennom heile verdikjeda. Brukarretta og effektiv forvaltning av tilskotsordningar og juridiske verkemiddel og kontroll og dokumentasjon står sentralt. Vi skal også stille saman kunnskapar om landbruk og tilknytte samfunnsområde og bidra til eit heilskapleg vurderingsgrunnlag for landbruks- og matpolitikken. Som ledd i dette skal direktoratsoppgåvene på skogbruksområdet utviklast vidare.

SLF skal framover leggje større vekt på rådgivings- og støttefunksjonane. SLF skal ha oversikt over utviklingstrekk i heile verdikjeda, bidra til erfaringsutveksling med næringa og anna forvaltning, ha god kunnskap om resultatoppnåinga i forhold til gjeldande politiske mål og gi innspel til LMD om utviklinga av verkemiddel. SLF skal gi råd på eige initiativ, og rådgivinga skal ha høgt fagleg nivå for alle resultatområda. Formidling av landbruks- og matpolitikken og formidling av fag- og forvaltningskompetanse til regional og lokal forvaltning skal inngå i dette.

VERKSEMDSIDÉ

SLF gir faglege råd, set i verk landbrukspolitikken og legg til rette for landbruket og matindustrien.

HOVUDMÅL

SLF skal vere ei brukarretta og effektiv verksemd som innanfor rammene av nasjonal landbruks- og matpolitikk bidreg til å:

- Sikre ressursgrunnlaget i jordbruk og skogbruk
- Sikre verdiskaping og eit konkurransedyktig landbruksbasert næringsliv

STRATEGIAR

SLF har valt fem strategiar for å nå hovudmåla for verksemda.

- SLF skal fremje verdiskaping i heile verdikjeda
- SLF skal auke bruken av FoU-basert kunnskap
- SLF skal kommunisere aktivt, samordna og brukarretta
- SLF skal levere dei brukarretta tenestene våre elektronisk
- SLF skal vere ein attraktiv arbeidsplass som gir rom for utvikling

VERDIAR

SLF legg til grunn desse verdiane for verksemda si:

OPENHEIT
SAMHALD
TRUVERDE

SLF forvaltar betydelege beløp og handhevar lover og forskrifter som omfattar rettar og plikter som betyr mykje for dei dei har verknad for. SLFs verdier skal mellom anna vere eit uttrykk for at arbeidet som blir gjort, skal halde høg kvalitet som toler merksemd frå omverda. Vedtak blir fatta med bakgrunn i brei kompetanse, og brukarane skal ha tillit til at dei har fått riktig behandling.



ADM. DIREKTØR

Ola Christian Rygh



HOVUDMÅL FOR RESULTATOMRÅDA

ADMINISTRASJON

Resultatområdet administrasjon har oppgaver knytte til organisasjonsutvikling, personalforvaltning og økonomistyring, dessutan informasjon og kommunikasjon, dokumentasjon, IKT og drift. Dette skal bidra til ei velfungerande verksemd som utnyttar ressursane sine på ein effektiv måte, og som gjennom forvaltning og rådgiving sikrar brukarane effektive tenester.

RESSURS, SKOGBRUK OG AREAL

Resultatområdet ressurs, skogbruk og areal skal bidra til å sikre ressursgrunnlaget for landbruksproduksjon og levande bygder. Arbeidsområda omfattar utvikling og forvaltning av verkemiddel og tiltak knytte til arealbruk, skog, miljø og kulturlandskap og erstatning. Ressurs, skogbruk og areal har vidare det koordinerande ansvaret i SLF overfor fylkesmannsembeta.

LANDBRUKSPRODUKSJON

Resultatområdet landbruksproduksjon skal bidra til å sikre matproduksjonen og ei stabil matforsyning. Arbeidsoppgåvene er knytte til utvikling og forvaltning av inntekts- og velferdsordningar, dessutan dei produksjonsregulerande verkemidla mjølkvotar og husdyrkonsesjon. Felles for ordningane er at det er primærprodusenten som er målgruppe. Ansvar for koordinering av innspel til jordbruksoppgeret høyrer inn under dette.

OMSETNING OG MARKNADSTILTAK

Resultatområdet omsetning og marknadstiltak skal bidra til å sikre ein stabil marknad og ein velfungerande næringsmiddelindustri. Ansvarsområda innanfor resultatområdet er økologisk landbruk, forskning, planteforedling og oppformering, beredskap, pelsdyr, dessutan marknadsreguleringstiltak innanfor marknadsordningane for mjølk, kjøtt, egg, grønt, potet og korn. SLF er sekretariat for Omsetningsrådet, Fondsstyret og Avtalestyret. Dei to førstnemnde har eigne årsmeldingar.

HANDEL OG INDUSTRI

Gjennom eit godt fungerande importvern, oppfylling av internasjonale rettar og forpliktingar, dessutan ein godt fungerande næringsmiddelindustri, blir levedyktige forhold for norsk landbruksproduksjon sikra. Dei viktigaste ansvarsområda til resultatområdet handel og industri er importvern (toll, tollreduksjonar, importkvotar), ordninga med råvarepriskompensasjon, eksportstøtteordningar, ekstern kontroll, marknadsovervaking og prisinnhenting.



JANUAR

JORDVERNET MÅ STYRKJAST

Det bør utarbeidast ein heimel for vern av jordressursar, og dokumentasjonen om utviklinga i arealbruken må betrast. Dette er 2 av 11 tilrådingar i rapporten *Klimaskifte for jordvernet*, som blei overrekt statsråden i januar. 3 prosent av landearealet i Noreg er dyrka, og berre 1/3 av dette er eigna for matkornproduksjon. Arealforvaltninga og samferdselsplanlegginga til kommunane blir viktige arenaer for jordvernpolitikken sidan ein betydeleg del av desse areala er trua av tettstadsvekst og samferdselsprosjekt.



FEBRUAR

JORDBRUKET TEK TAK I KLIMAUTFORDRINGANE

Det er eit stort potensial for å utnytte jordbruksressursane på ein meir effektiv og miljøvennleg måte mellom anna gjennom betre bruk av organisk avfall, produksjon av biogass og utnytting av denne til energiformål, og meir effektiv og miljøvennleg spreiding av husdyrgjødsel. I 2008 blei det etablert eit nasjonalt utviklingsprogram for klimatiltak i jordbruket. Programmet skal bidra til å skaffe meir kunnskap om utslepp av klimagassar frå jordbruket og komme med forslag til effektive og målretta tiltak.



MARS

NULLTOLL PÅ KORN

1. mars blei tollsatsen for alle kornslag og tollpliktige kraftfôrråvarer sett til null. Det var første gong sidan det tollbaserte importvernet blei innført 9. juli 1995. Kornprisane på verdsmarknaden var svært høge. Spesielt var amerikansk kveite kostbar, og i ein periode var det lønnsamt å eksportere europeisk kveite til USA. Først frå september blei det igjen innført toll på korn og kraftfôrråvarer grunna fallande verdsmarknadsprisar.



APRIL

FORSLAG TIL FRAMTIDSRETTA NATURSKADELOV

Klimaendringane vil mellom anna føre til fleire og større flaumar og skred. I april la SLF fram si utgreiing av ny, tidsmessig naturskadeerstatningslov. I tillegg til at den enkelte og planmyndigheita sitt ansvar for førebyggjande tiltak mot naturskadar blir tydeleggjort, gjer dette samfunnet betre rusta til å møte klimaendringane. Forslaget gir ei lett tilgjengeleg og oversiktleg lov, og legg til rette for at dei som opplever naturskadar, kan få sakene sine behandla mykje raskare enn i dag.



MAI

JORDBRUKSAVTALEN 2008–2009

Ramma blei 1,9 mrd. kroner, av dei 1,5 mrd. i auka målprisuttak. Produksjonen av storfe- og sauekjøtt skal stimulerast gjennom endringar i regelverk og monaleg auke i målpris og tilskot. Det blir opna for leige av mjølkekvotar for enkeltbruk med mjølkeproduksjon. Reform av pris- og marknadsordningane for kjøtt og egg, frå 1.7.2009, skal greiast ut. I justeringsforhandlingane 9.1.2009 blei det semje om 500 mill. kroner i kompensasjon for kostnadsauken for mineralgjødning og fôrvarer. SLF leverer omfattande innspel til jordbruksforhandlingane.



JUNI

SKOGBRANNEN I FROLAND

Noregs største skogbrann rasar på Sørlandet i ei veke før han blir sløkt, 26 000 dekar produktiv skog gjekk opp i flammar. Katastrofen set søkjelyset på beredskapsrutinar, og på tiltak som må gjennomførast etter ein stor brann. SLF har fått beredskapsoppgåver på skogområdet og er involvert i problemstillingar som oppstod i kjølvatnet av brannen.



JULI

ØKOLOGISK PÅ MANGE FRONTAR

Regjeringa har sett høge mål for økologisk produksjon og forbruk. Meir enn 50 kommunar fekk status som føregangskommunar i eit eige *Økolyft-prosjekt*. I jordbruksavtalen sette partane av midlar til utviklingstiltak, først og fremst for å auke primærproduksjonen innanfor økologisk landbruk. Seinare på året lanserte daglegvarekjedene ein felles økologikampanje med slagordet «Lag ein heilt økologisk middag», der målsetjinga er at økologisk mat skal vere eit godt og reelt alternativ for forbrukarane.



AUGUST

SØKNAD OM PRODUKSJONSTILSKOT


47 253 føretak søkte om produksjonstilskot i august. Dette var 857 færre enn i 2007. 27 prosent søkte elektronisk. Storleiken på det dyrka arealet er forholdsvis stabilt og utgjer 10 190 257 daa. 2/3 av areala blir brukte til eng og beite og 1/3 til openåkervekstar, som korn, potet, grønnsaker, frukt og bær. Økologisk kornareal auka frå 64 510 daa i 2007 til 66 882 daa i 2008. Talet på mjølkekyr gjekk ned frå 253 372 til 248 102. I 2008 blei det totalt utbetalt ca. 6,5 mrd. kr i produksjonstilskot.



SEPTEMBER

ELEKTRONISK IMPORTSYSTEM

SLF får kvart år inn nærare 12 000 importsøknader. For å effektivisere søknadsbehandlinga blei eit elektronisk importsystem lansert. Her kan importørar levere importsøknader, råvaredeklarasjonar o.l. via Internett. Systemet gir ein stor gevinst for næringslivet i form av spart tid, full oversikt over status på søknader, og nettbasert berekning av tollsatsar. Svaret kan ligge føre berre nokre minutt etter innsending, og vil uansett ligge føre raske enn ved papirskjemasøknad. Ein kan nå tenesta via SLFs nettstad eller Altinn.



OKTOBER

ÅRET FOR DEI STORE PRISSVINGINGANE

Internasjonalt blei 2008 året for ekstremt høge råvareprisar på jordbruksråvarer, spesielt korn og mjølk, men også på kjøtt. Andre halvår fall likevel prisene tilbake til like over der dei var i 2007. Norske forbrukarar blei skåna for dei store svingingane ute på grunn av målprissystemet og importvernet. Skognæringa i Noreg blei ramma av den aukande finanskrisa ved at redusert byggjeverksemd fører til fallande priser på tømmer til trelast, og dermed redusert avverking.



NOVEMBER

NORSK KVEITE BLEI FØR

Det var ein god sesong for kornbøndene her til lands, med større avlingar enn normalt. Men dei sørlege delane av landet blei ramma av mykje dårleg vêr om hausten. Dette førte til at matdelen i den norske kornhausten berre blei om lag 30 prosent, mot ca. 70 prosent siste to år. Importanslaga for matkveite i kornåret 2008–2009 måtte justerast kraftig opp, mens overskot på førkveite låg an til å bli så stort at noko kanskje må overlagraast til sesongen 2009–2010.



DESEMBER

SUKSESS FOR NY NETTLØYSING

SLF lanserte i haust ei ny nettløysing for kjøp av mjølkekvote. Etter søknadsfrist 1. desember hadde om lag halvparten av dei 6075 søkjarane brukt den elektroniske løysinga. Løysinga gir mjølkeprodusenten betra tryggleik og tilgang til opplysningar om eigen kvote. Ho sikrar også ei tryggare og meir effektiv saksbehandling av søknader og gir betre kvalitet på data knytte til kvoteordninga. SLF arbeider med å utvikle fleire nettenester for mjølkeprodusentane.



Rekneskap 2008

SLFS UTBETALINGAR KNYTTE TIL STATENS LØYVINGSREKNESKAP I 2008

	UTGIFTER	2008	2007
9 000 129	Nærings - og handelsdepartementet	-	-
1115.23	Særskilte prosjekt	1 499 999	-
1115.70	Tilskot til veterinær beredskap	-	32 320
1139.70	Genressursar, miljø- og ressursregistrering	6 130 000	6 080 000
1143.01	Driftsutgifter Statens landbruksforvaltning	172 279 035	171 747 696
1143.50	Dekning av rentekrav EVL fondet	-	-
1143.60	Tilskot til veterinærdekning	98 091 341	-
1143.70	Tilskot til kornberedskap	103 671	156 537
1143.71	Støtte til småslakteri	-	-264 627
1143.72	Erstatningar	297 850	297 850
1143.73	Tilskot til erstatningar m.m	29 316 539	35 754 696
1143.74	Tilskot til prosjekt innan planteforedling	14 628 000	14 128 000
1143.75	Kompensasjon til dyreeigarar som blir pålagt beitenekt	78 750	-
1148.70	Tilskot til sikringstiltak	34 902 993	9 582 280
1148.71	Naturskadeerstatningar	84 272 521	81 149 686
1149.50	Tilskot til Landbrukets utviklingsfond	-	-
1149.51	Tilskot til Utviklingsfondet for skogbruket	3 271 000	3 271 000
1149.71	Tilskot til langtransport skogvirke	1 567 388	429 720
1150.50	Fondsavsetningar	1 012 592 000	828 978 000
1150.70	Marknadsregulering	146 104 401	190 385 430
1150.73	Pristilskot	2 143 261 131	1 874 097 337
1150.74	Direkte tilskot	6 930 454 071	6 773 990 873
1150.77	Utviklingstiltak	155 066 611	165 901 518
1150.78	Velferdsordningar	1 632 428 308	1 526 405 425
	Sum utgifter	12 466 345 610	11 682 123 741
	Prosentvis endring sidan førre året	6,7 %	

Tabellen viser SLF utgiftsføring gjennom statens løyvingerekneskap. SLF utgiftsføring i statsrekneskapen i 2008 er 784,222 mill. kroner (6,7 prosent) høgare enn i 2007. Årsaka til dette finn ein først og fremst i høgare utbetalingar ifm tilskottsordningane i jordbruksavtalen og fondsavsetningar.

Statens landbruksforvaltning (SLF) forvaltar midlar både gjennom statens løyvingsrekneskap og gjennom statlege og ikkje-statlege fond. SLF har rekneskapsføraransvaret for desse statlege fonda:

- Jordfondet
- Landbrukets utviklingsfond (LUF)
- Skadefondet for landbruksproduksjon
- Etter- og videreutdanningsfondet i landbruket (EVL)
- Fondet for forskningsavgift på landbruksprodukt
- Utviklingsfondet for skogbruket

Vidare har SLF rekneskapsføraransvaret for desse ikkje-statlege fonda:

- Prisetjavningsordninga for mjølk
- Kvoteordninga for mjølk
- Omsetningsrådet

For Etter- og videreutdanningsfond i landbruket (EVL) og Fondet for forskningsavgift på landbruksprodukt har SLF delt forvaltningsansvar med fondsstyret, jf. fondsvedtektene. Midlane blir løyvde av Fondsstyret, mens dei andre oppgåvene knytte til forvaltninga av midlane blir utførte av SLF. SLF har også ansvar for sekretariatsfunksjonen for Omsetningsrådet, styret for fondet for forskningsavgift på landbruksprodukter (Fondsstyret) og styret for forskningsmidler over jordbruksavtalen (Avtalestyret).

SLFS INNETKTSFØRING GJENNOM STATENS LØYVINGSREKNEKAP I 2008

INNETKTER		2008	2007
4143.01	Driftsinntekter, SLF	-36 975 071	-32 615 448
4143.18.11	Refusjon sjukepengar	-4 049 333	-5 838 133
4143.18.12	Refusjon arbeidsgivaravgift	-	-
4150.80	Marknadsordninga for korn	-12 516 522	-82 093 922
4150.70	Tilbakebetalt tilskot reguleringsanlegg	-	-47 975 000
5309.29	Tilfeldige inntekter Finansdepartementet	-712 135	-3 434 456
5511.71	Auksjonsinntekter frå tollkvotar	-52 980 201	-111 832 845
5605.83	Renteinntekter	-2 061 338	-1 237 955
5700.12	Arbeidsgivaravgift	-12 001 485	-10 831 341
	Sum inntekter	-121 296 085	-295 859 100
	Prosentvis endring sidan førre året	-59,0 %	

Tabellen over viser SLFs inntektsføring gjennom statens løyvingsrekneskap. SLFs inntektsføring i 2008 er 174,563 mill. kroner lågare (59 prosent) enn i 2007. Årsaka til dette finn ein først og fremst i lågare inntekter i samband med auksjon av tollkvotar og marknadsordninga for korn.

FONDSREKNEKAP 2008

NEMNING	INNETKTER	UTGIFTER	NETTO FINANS	RESULTAT
Fondet for forskningsavgift på landbruksprodukt	115 482 643	127 659 553	2 692 535	-9 484 375
Prisetjavningsordninga for mjølk	598 039 540	578 923 346	2 824 910	21 941 104
Jordfondet	-	26 182 799	-	-26 182 799
Landbrukets utviklingsfond ¹⁾	921 766 006	1 070 844 471	44 742 876	-104 335 589
Skadefondet for landbruksproduksjon ¹⁾	95 239 000	74 005 363	-	21 233 637
Etter - og videreutdanning i landbruket	-	6 494 364	312 609	-6 181 755
Utviklingsfondet for skogbruket ¹⁾	3 271 000	3 472 248	520 814	319 566
Kvotordninga for mjølk	98 880 114	90 059 656	2 068 525	10 888 983
SUM	1 832 678 303	1 977 641 800	53 162 269	-91 801 228

¹⁾ Inntektene til fonda består i hovudsak av overføringar frå statens løyvingsrekneskap – fondsasetningar.

Omsetningsrådets rekneskapar er ferdige først våren 2009 og blir lagde fram for rådet primo juni.

For nærare omtale av dei enkelte fondsrekneskap og tilskotsordningane, og SLFs inntekter viser vi til SLFs årsrapport del I, som blei send over til LMD 06.02.09.



Norsk landbruk og klima

KLIMAPROBLEMET ER GLOBALT

Kloden er i ferd med å bli varma opp, og det er menneskeskapte utslepp av klimagassar som er hovudgrunnen til klimaendringane dei siste 50 åra. Klimaproblemet er globalt, og er den største miljøutfordringa verdssamfunnet står overfor i dag. Vi må redusere utsleppa kraftig, samtidig som vi førebur oss på konsekvensane av eit endra klima. Regjeringa har sett som mål at Noreg skal redusere klimagassutsleppa med 30 prosent innan 2020. Som eit ledd i arbeidet med å nå målet er det utarbeidd klimahandlingsplanar for kvar sektor, også landbruket.

LANDBRUK OG KLIMA

Landbruket er ansvarleg for 10–15 prosent av utsleppa av drivhusgassar på verdsbasis¹. I Noreg står landbrukssektoren for 9 prosent av dei nasjonale utsleppa av klimagassar, og dette talet har halde seg stabilt dei siste 15 åra². Utslepp av karbondioksid (CO₂) utgjer berre 1 prosent av utsleppa frå landbruket, mens metan (CH₄) og lystgass (N₂O) bidreg mest til global oppvarming. I landbruket er det vesentlege forskjellar mellom utfordringane innanfor planteproduksjon, husdyrproduksjon og skogbruk.

Klimagassar	Utslepp frå landbruket mill. tonn CO ₂ -ekv.	Prosentdel som utsleppa frå landbruket utgjer av klimagassutslepp i Noreg %
CO ₂	0,5	1
Lystgass (N ₂ O)	2,2	46
Metan (CH ₄)	2,2	48
Totale utslepp	4,9	9

Utslepp av klimagassar i landbruket. Kjelde: SSB 2006

Moglegheitene og utfordringane til landbruket i samband med klimautviklinga blir svært viktige dei neste åra, særleg innanfor tre hovudområde:


- Potensial og tiltak for reduserte utslepp av klimagassar
- Potensial og tiltak for auka binding av karbon
- Konsekvensar av klimaendringane for det framtidige norske landbruket og tilpassing til desse

Hovudmålet er å redusere klima- og miljøbelastninga per produsert eining av landbruksprodukta.

Metangass og lystgass står for mesteparten av klimagassutsleppa i jordbruket, og utgjer omtrent 8 prosent av den nasjonale klimarekneskapen. Metangass kjem i hovudsak frå drøvtyggjarane geit, sau og storfe, der sistnemnde står for omtrent tre fjerdedelar av utsleppa. Drøvtyggjarar produserer metangass når dei tygg drøv, og spreing og lagring av husdyrgjødsel spreier også metangass. Lystgassutsleppa oppstår i hovudsak når husdyrgjødsel kjem i kontakt med luft under spreinga, og i kjemiske prosessar når husdyrgjødsel blir blanda med jord.

Samtidig som mykje karbon frå lufta blir bunde i fotosyntesen til plantene, kan sjølve dyrkinga føre med seg tap av karbon til luft. Matproduksjonen legg beslag på store areal som kunne ha hatt naturleg vegetasjon, mens det i staden skjer ei intensiv drift av jorda som fører til at klimagassar lek ut i atmosfæren. Dette karbontapet blir ikkje rekna med i den offisielle statistikken, men utgjer ifølgje berekningar omtrent halvparten av det totale klimautsleppet frå landbruket, målt i CO₂-ekvivalentar.


ÅRLEGE UTSLEPP AV KLIMAGASSAR FRÅ ULIKE KJELDER



Utsleppa er målte i CO₂-ekvivalentar, som er eit mål på oppvarmingspotensialet for ein drivhusgass samanlikna med CO₂; lystgass er 310 gonger så sterkt som CO₂, mens metan er 21 gonger så sterkt.

Kjelde: NOU 2006:18, Et klimavennlig Norge.

KLIMAGASSUTSLEPP FRA NORSK LANDBRUK



Skogen i Noreg har dei siste åra teke opp om lag 25–30 mill. tonn CO₂ kvart år gjennom tilveksten³. Det svarer til om lag halvparten av dei samla norske klimagassutsleppa. Skogbruket bidreg også positivt i klimasamanheng med trevirke, treprodukt og fornybar energi. I framtida blir det viktig at skogareala blir foryngde og pleidde på ein slik måte at karbonbindinga blir størst mogleg i både skogsjorda og i trea. Skogbruket kan også bidra til å redusere drivstofforbruket ved å vidareutvikle driftsmetodane, maskinane og logistikkssystema.

LANDBRUKET KAN REDUSERE KLIMAGASSUTSLEPPA SINE

Landbruket kan spele ei viktig rolle for å motverke klimaendringar gjennom reduksjon av klimagassar i atmosfæren. I tillegg til å redusere egne utslepp trekkjer Det internasjonale klimapanelet (IPCC) opp to andre viktige tiltak: binding av karbon i jord og biomasse, og produksjon av bioenergi.

Først og fremst er det betring av dyrkingsteknikk og endring av driftsformer som kan bidra positivt for å redusere klimagassutsleppa frå jordbruksjord. Restaurering av dyrka myr er sett på som eit svært effektivt klimatiltak⁴. Beite- eller grasmark som blir driven ekstensivt, kan binde og lagre store mengder karbon over tid. Karbonlagringa har vist seg å kunne vege opp for utsleppa frå beitedyra slik at drøvtyggjarar på beite har potensial for å vere ein klimanøytral produksjon⁵. Optimal gjødsling i forhold til nitrogenstatusen i jorda er eit anna effektivt tiltak det stadig kjem meir kunnskap om.


For kjøtt- og meieriprodukt skjer rundt 90 prosent av utsleppa i primærproduksjonen⁶. Drøvtyggjarar står nesten åleine om desse utsleppa. Ved å endre førsamansetjinga til desse husdyra er det mogleg å redusere utsleppa av lystgass og metan, kanskje med rundt 10 prosent⁷. Av jordbruksarealet vi har i Noreg, eignar to tredjedelar seg berre til gras, som berre drøvtyggjarane kan utnytte.

Eit meir effektivt tiltak vil vere å utnytte metangassen frå husdyrgjødsel til biogassproduksjon. Samtidig som utslepp av metan og lystgass blir redusert, kan gardsbruk ta i bruk lokal fornybar energi. Landbruket har også eit potensial i å utnytte anna avfall frå produksjonen til energiformål. For tida blir det oppført og utvikla fleire biogassanlegg i tilknytning til gardsbruk.

Energiforbruket i framtida må i større grad dekkjast av nye fornybare energikjelder, til dømes bioenergi, sol og vind. Potensialet for bruk av bioenergi i Noreg er berekna til 35 TWh, men i dag blir det brukt berre 15 TWh⁸. Vi har store biomasseressursar i skogen og i plante- og husdyrproduksjonen. Hovudutfordringa knytt til auka bruk av bioenergi i Noreg er ikkje tilgangen på biomasse, men dei samla økonomiske føresetnadene for investeringar og leveransar av bioenergi.

VARIASJONAR I ÅRSNEDBØR FOR FASTLANDSNOREG 1900–2006

KJELDE: CICERO 2007



Felles for mange tiltak er behovet for meir kunnskap om korleis tiltak innanfor jordbruket påverkar klimaet. For at vi skal kunne setje inn dei riktige tiltaka, er det behov for fagleg og påliteleg kunnskap og betre utrekningsmetodikkar for karbonbinding i jord, tap av nitrogen i form av ammoniakk og lystgass, og utslepp frå beitedyr.

SLF er sekretariat for Utviklingsprogrammet for klimatiltak i jordbruket som blei etablert i 2008.

Landbruks- og matdepartementet vil i løpet av 2009 fremje ei stortingsmelding om landbruk og klima.

KONSEKVENSNAR OG TILPASSINGAR FOR DET FRAMTIDIGE LANDBRUKET

Klimaendringane vil skje over tid og mest sannsynleg bety at vi vil få høgare temperaturar og mindre vinterfrost og snødekke. Vi kan vente oss større nedbørmengder som delvis kan komme på andre tider av året. I tillegg må vi førebu oss på fleire ekstremhendingar, som rasulykker, orkanar og flaum⁹. Klimaendringane vil truleg arte seg forskjellig i ulike delar av landet.

I Noreg vil klimaendringane kunne gi gunstigare vekstforhold og lengre vekstsesong både i jord- og skogbruket, men også nye utfordringar som til dømes auka smittepress. Eit fuktigare og varmare klima kan gi oppblomstring av skadegjerarar og sjukdommar som vi hittil ikkje har hatt i Noreg. Fleire flaumar og skred vil kunne føre til meir avlingssvikt og auka skadar på areal, bygningar og vegar i landbruket.

For å møte den nye røyndommen er det stort behov for kunnskaputvikling og informasjon om mellom anna formålstenleg jordarbeiding, hydrotekniske tiltak, artar og sortar, dyrkingsmåtar, føring og gjødsling. Slik ny agronomisk kunnskap er nødvendig både for den enkelte gardbrukar og for offentlege myndigheiter. Mange av tilpassingane som har som mål å halde oppe og styrkje landbruksproduksjonen, vil også bidra positivt for klimaet.

FOTNOTER:

¹ IPCC 2007

² SSB 2006

³ NORSK INSTITUTT FOR SKOG OG LANDSKAP 2007

⁴ GRØNLUND ET AL. 2008. BIOFORSK RAPPORT VOL. 3 NR 132

⁵ SOUSANNA ET AL. 2007. AGRICULTURE, ECOSYSTEMS AND ENVIRONMENT 121

⁶ FAO 2008

⁷ UMB 2007. INA FAGRAPPORT 11

⁸ NOU 2006:18, ET KLIMAVENNLIG NORGE

⁹ CICERO REPORT 2007:03





Ressurs, skogbruk og areal

På resultatområdet ressurs, skogbruk og areal skal SLF bidra til å sikre ressursgrunnlaget for landbruksproduksjon og levande bygder. Arbeidsområda omfattar utvikling og forvaltning av verkemiddel og tiltak knytte til arealbruk, skog, miljø og kulturlandskap, dessutan erstatningsordningar. Ressurs og areal har det koordinerande ansvaret i SLF overfor fylkesmannsembeta.

JORDVERN, AREALBRUK OG EIGEDOM

JORDVERN OG AREALPLANLEGGING

Sidan 2006 har SLF hatt motsegnrett (innsigelsesmyndighet) i kommunale arealplansaker. Motsegnretten gjeld i saker der fylkesmannen foreslår bruk av motsegn med grunngiving i vern av jordressursar, men der fylkeslandbruksstyret ikkje følgjer opp innstillinga frå fylkesmannen.

I 2008 hadde SLF 16 slike saker til behandling, fordelte på 8 fylke. SLF fremja motsegn i 11 av sakene. Desse motsegnene omfattar samla om lag 1100 daa, av dei er ca. 900 daa jord som er eigna for kornproduksjon.

Omdisponering av landbruksareal skal rapporterast inn av kommunane via KOSTRA (Kommune-StatRapportering). Kommunane rapporterte samla på landbruksområdet via KOSTRA første gong i 2006 for rapporteringsåret 2005. Tala for omdisponert areal i 2005 var usikre med betydeleg underrapportering.

I 2008 blei det samla inn statistikk for rapporteringsåret 2007. For 2007 var svarprosentane frå kommunane høgare, og fleire

kommunar har sendt skjema i tide. Kommunane rapporterer omdisponering av både dyrka og dyrkbar mark. Til saman utgjorde dette 15 120 daa i 2007, 8 510 daa dyrka mark og 6 610 daa dyrkbar mark. Målet er at omdisponering av dyrka mark skal reduserast til maksimalt 5 700 daa innan 2010. Tala for 2007 viser at det vil bli ei stor utfordring å nå dette målet.


Våren 2008 fekk SLF utført ein analyse av Asplan Viak av kor mykje areal eit lite utval kommunar hadde omdisponert ved reguleringsplanar dei siste tre åra. Desse kommunane hadde omdisponert ca. 50 prosent meir dyrka mark enn det dei hadde rapportert i KOSTRA. Dette viser at det enno ligg store utfordringar i å betre rapporteringa. SLF har støtta eit arbeid ved Institutt for skog og landskap for å betre ei nettside der kommunane kan berekne arealomfang av reguleringsplanar og få fram tal for dyrka og dyrkbart areal som blir omdisponert, og som skal rapporterast.

SLF har også sett nærare på talmaterialet for saker der kommunane gir samtykke til omdisponering og/eller deling av landbrukseigedom med heimel i jordlova. Dei 20 kommunane som har omdisponert mest dyrka mark dei siste tre åra, står for heile 2000 daa. Dette utgjer 25 prosent av alt areal som er omdisponert etter jordlova. Dei 20 kommunane som har gitt samtykke til flest delingssaker, står for 3000 saker. Dette utgjer 19 prosent av alle delingssamtykke dei siste tre åra.

Som ledd i arbeidet med å følgje opp dei nasjonale måla om vern av jordressursar har vi eit særleg ansvar for informative og juridiske verkemiddel. SLF driv eit fagnettverk overfor landbruksavdelingane til fylkesmennene, innanfor området areal- og planspørsmål. I juni 2008 arrangerte SLF ei arealnettverkssamling i

TAL PÅ DAA DYRKA OG DYRKBART AREAL OMDISPONERT

Linja fram til 2004 viser gjennomsnitt i perioden. Linja frå 2004 viser mål for omdisponert areal.



Trondheim. Vi har også stilt med foredrag på fleire kommunesamlingar i regi av fylkesmennene.

Rapporten *Klimaskifte for jordvernet* frå Jordverngruppa blei lagd fram for statsråden i januar 2008. SLF deltok i arbeidet med denne, og har i 2008 hatt oppdrag frå LMD med å følgje opp forslaga i rapporten.

Nasjonalt jordvernsmål seier at vi innan 2010 skal halvere den årlege omdisponeringa av dei mest verdifulle jordressursane. I Noreg utgjer jordbruksareala ca. 3 prosent av totalt landareal, mens dei i verda dessutan utgjer ca. 10 prosent av areala. Vi har ca. 2,2 daa jordbruksareal per innbyggjar, mot ca. 2,7 daa per verdsborgar. I Noreg er berre ca. 1/3 av jordbruksarealet eigna for matkornproduksjon.

SLF er sekretariat for ei nasjonal styringsgruppe for landbruksbygg og kulturlandskap. I 2008 har gruppa hatt fire møte.

KRAFTUTBYGGING OG LANDSKAPSUTVIKLING

SLF kjem med høyringsfråsegner i energisaker som gjeld vasskraft, vindmøller og kraftleidningar. Desse prosjekta byggjer sjeldan ned viktige produksjonsareal, men dei kan gi negative følgjer for kulturlandskapet og nye landbruksrelaterte næringar baserte på mellom anna reiseliv.

VERNEPLANAR ETTER NATURVERNLOVA

SLF har i 2008 komme med høyringsfråsegn til 27 verne- og forvaltningsplanar etter naturvernlova. Dei fleste av desse sakene gjeld frivillig vern av barskog. I desse er det i mange tilfelle op-

ning for ei viss miljøbasert næringsutvikling, noko SLF ser positivt på. SLF har gitt innspel og hatt godt samarbeid med Direktoratet for naturforvaltning (DN) knytt til arbeidet deira med revidering av Forvaltningshåndboka for verneområder, DN's handbok nr. 17.


For SLF er det til stor nytte å samarbeide med DN for å betre omtalen av landbruk og landbrukstilknytt næringsverksemd i verneområde, for slik å kunne å gi ei betre forståing av kva for næringsverksemd som kan og bør bli verande i verneområde for å bidra til bevaring av verneverdiar. Eit mål for samarbeidet har vore at ein med denne typen verkemiddel kanskje kan minske konflikhtar knytte til næringsmessig bruk av verneområde.

ODELSLOVA, JORDLOVA, KONSESJONSLOVA OG FJELLOVA

SLF er nasjonal fagmyndigheit for forvaltninga av jordlov, konsesjonslov og odelslov, dessutan enkelte saker etter fjellova. Det er stort behov for informasjon i kommunane og hos fylkesmennene om regelverket og rammene for skjønnsutøvinga. SLF har arrangert ei fagsamling for fylkesmennene i 2008. Vi har auka den eksterne foredragsverksemda vår og har mellom anna halde foredrag for elleve nye fylkeslandbruksstyre i år. SLF har også drive utstrakt serviceverksemd for fylkesmenn, kommunar, partar i saker og privatpersonar på telefon og e-post.

SLF er klageinstans i odelsfrigjerings saker og behandla 14 slike saker i 2008. Eigedommen blei frigjord for odel i 8 av desse, ei av desse sakene blei gjord om av Landbruks- og matdepartementet. SLF rettleier og informerer om odelslova, og det har vore ein jamn pågang av førespurnader frå enkeltpersonar, advokatar og forvaltninga gjennom heile året.

FORDELING AV REGIONALE MILJØPROGRAMTILSKOT 2005–2007



SLF har utvikla nettstaden med lister over «Ofte stilte spørsmål» om eigenmeldingar og odel, for å vere tilgjengeleg med svar på aktuelle spørsmål også på nett.

SLF fekk 1. januar 2008 myndigheit til å fastsetje forskrift om nedsett konsesjonsgrense etter konsesjonslova § 7 og har behandla 7 saker i løpet av året. Det har falle dom i 6 saker i 2008. Staten vann alle sakene, men 3 av dei er anka.

JORDFONDET

Sal av jordfondseigedommar er gitt høg prioritet slik at ein raskt kan få frigjort midlar frå jordfondet til å gjennomføre skogvern. Som følgje av vernevedtak hausten 2005 skal alle jordfondsmidlane brukast til å finansiere vern på Statskog SFs grunn. I 2008 har slike verneområde fått 26,1 mill. kroner. Det står no att ca. 4,7 mill. kroner på jordfondet som kan brukast til skogvern. Det meste av dette beløpet er enno bunde i eigedommar, mest i Hordaland og Buskerud.

BRUK AV KARTVERKTØY OG GIS-DATA

SLF er representert i Plandataforum, som er ei arbeidsgruppe i kartsamarbeidet Noreg digitalt. Forumet vil mellom anna arbeide med rettleiar og tekniske spesifikasjonar for etablering av digitale reguleringsplanar som er tilpassa den nye plan- og bygningslova. Det vil også arbeide med forskrifter til den nye føresegna om digitalt planregister i lova. Digitale planar vil gi betre dokumentasjon av jordvern og kulturlandskap i arealplanlegging, og dessutan betre rapportering av omdisponert areal.

UTFORDRINGAR FRAMOVER

- Den faktiske arealbruken i Noreg er ikkje i samsvar med den nasjonalt vedtekne arealpolitikken, og kunnskapen om den fak-

tiske arealutviklinga på landsbasis er for svak.

- Jordressursar og kulturlandskap er meir påverka og under eit sterkare press enn vedteken nasjonal arealpolitikk tilseier.
- Bupliktregelverket er komplisert og krevjande å praktisere.

MILJØ OG KLIMA I JORDBRUKET

REGIONALE MILJØPROGRAM

SLF leverte i 2008 rapporten med evaluering av regionale miljøprogram i jordbruket (RMP). Arbeidet blei gjennomført i samarbeid med Norsk senter for bygdeforskning og Telemarksforskning – Bø, Norsk institutt for skog og landskap og Bioforsk.

Hovudkonklusjonen er at regionalt miljøprogram (RMP) har medverka til gjennomføring av miljøtiltak som neppe ville blitt realisert elles, og er eit godt supplement til andre landbrukspolitiske verkemiddel. Rapporten tilrår vidareføring langs dei etablerte linjene, men peiker også på at det er rom for betringar med sikte på styrkt målretting og auka miljøeffekt.

I den grad det har vore mogleg å vurdere miljøeffektar så kort tid etter etablering av RMP i 2005, viser resultatane frå evalueringa at mange ordningar treffer godt, men det er stor variasjon mellom fylka. For enkelte tiltak og ordningar kan det vere behov for ytterlegare spissing og lokal/regional tilpassing, for å sikre aktivitet og tiltak i prioriterte område både knytte til ureining og kulturlandskap.

FM-embeta utarbeider no reviderte miljøprogram med verkemiddel og tiltak som skal gjelde for tidsrommet 2009–2012.



Dei overordna måla for miljøprogramsatsinga er å bidra til auka målretting av miljøarbeidet i jordbruket, betre synleggjering av den samla miljøinnsatsen i jordbruket og å auke forankringa av miljøarbeidet både regionalt og lokalt. Miljøutfordringane er knytte til både reduksjon av ureiningar og sikring av verdiane i kulturlandskapet. Utfordringane kan vere svært forskjellige i dei ulike delane av landet.

PILOTORDNING 2008 – TILSKOT TIL MILJØVENNLEG SPREIING AV HUSDYRGJØDSEL

I 2008 blei det etablert ei pilotordning i utvalde område i Rogaland, Hedmark og Buskerud, med arealtilskot til ulike spreingsmetodar for husdyrgjødsel som er meir miljøvennlige enn vanleg breispreiing. Spreiing av husdyrgjødsel fører til tap av ammoniakk (NH_3) og lystgass (N_2O). Formålet med tilskotet er å minske utsleppa til luft og ureining til vatn. Det har vore god oppslutning om tilskotsordninga i 2008. Pilotordninga vil i 2009 bli utvida med nye område i Rogaland og i Sogn og Fjordane. Erfaringane frå utprøvinga vil danne grunnlag for innføring av ei landsomfattande ordning.

VASSDIREKTIVET I JORDBRUKET

EU-direktivet er gjort gjeldande i Noreg frå 2007 gjennom forskrift om rammer for vassforvaltning. SLF har samarbeidd med andre direktorat om å leggje til rette arbeidet med oppfølging av vassdirektivet i regionane. Ei viktig oppgåve er å leggje til rette kunnskapen om korleis landbruksverksemda påverkar vassførekomstane. Som ein lekk i dette har Bioforsk etter initiativ frå SLF utarbeidd eit nettbasert rettleiingsverktøy for planlegging av tiltak mot vassureining frå landbruksverksemd.

NASJONALT UTVIKLINGSPROGRAM FOR KLIMATILTAK

I 2008 blei nasjonalt utviklingsprogram for klimatiltak i jordbruket sett i gang. SLF er sekretariat for programmet. Nasjonalt utviklingsprogram for klimatiltak i jordbruket har som hovudmål å auke kompetansen om faktiske utslepp av klimagassar frå jordbruket og innverknaden frå jordbrukspolitikken på utsleppa. I første periode av det femårige programmet er det prioritert å auke kunnskapen om faktiske utslepp og danne eit grunnlag for val av tiltak.

Ramma for 2008 har vore på 4 mill. kroner. For 2009 er ho auka til 6 mill. kroner.

SLF registrerer stor interesse frå ulike miljø. I 2008 er det blitt gitt støtte til 10 prosjekt. Prosjekta som har fått støtte, skal gi auka kunnskap om mellom anna binding og utslepp av karbon i jord, planlegging og drift av biogassanlegg, klimagassrekneskapen for biogassanlegg, og økologisk jordbruk og klima, dessutan bidra til kompetanseoppbygging om klima i rådgivingstenesta.

PROSJEKTET FORSTERKA TILSYN MED SAU PÅ UTMARKSBEITE

I Møre og Romsdal og Nord-Trøndelag er andre år av prøveprosjektet *forsterka tilsyn med sau på utmarksbeite* gjennomført. Prosjektet har hatt som formål å skaffe betre dokumentasjon av kva dyretap som skjer på utmarksbeite. I enkelte område er freda rovilt hovudgrunnen til at sau går tapt på utmarksbeite, mens alveld og flåttborne sjukdommar er hovudgrunnen til tap i andre område.

Tapsprosenten har gått litt ned i dei fleste beitelaga som har vore med, men det er ikkje grunnlag for å seie at denne nedgangen kan forklarast med forsterka tilsyn. I 2008 er det i prosjektet også prøvd ut radiobjeller for å få betre informasjon om kvar dyra

beiter. Det er teke biologiske prøvar for å få betre kunnskap om sjukdomsforhold hos dyr på utmarksbeite.

AUKA KUNNSKAPSGRUNNLAG OM JORDBRUK OG MILJØ

Det er gjennomført utviklings- og pilotprosjekt for å styrkje kunnskapsgrunnlaget i næringa. Sentrale fagtema er koplinga mellom jordbruk og miljø, ureining, kultur- og naturmiljø og tiltak som fremjar miljøvennlige driftsformer. Døme på prosjekt:

RIKTIG GJØDSLING I PRAKSIS: Det er ofte store avvik mellom gjødselmengda i gjødslingsplanen og den mengda som plantene får. Sentrifugal- og pendelspreiarar blir brukte på 70 prosent av alt jordbruksareal i landet. Mykje av avviket kjem av feil innstilling og bruk av desse. Det er derfor potensial for store miljømessige og driftsøkonomiske betringar gjennom enkle tiltak. Det Kongelige Selskap for Norges Vel har fått midlar til eit rettleiings- og informasjonsprosjekt for å bidra til riktig innstilling og bruk av gjødselspreiarar.

BRUK AV HUSDYRGJØDSEL: Riktig bruk av husdyrgjødsel er viktig ut frå mange forhold, mellom anna når det gjeld å redusere tap av næringsstoff til vassdrag, når det gjeld klimagassutslepp, betre ressursutnytting og økonomi. For å betre grunnlaget for gjødslingsrådgiving har Bioforsk sett på bruk av husdyrgjødsel i samanheng med behova til plantene, bruk av mineralgjødsel, spreieareal, spreietidspunkt osv. Resultata tyder på at ein er for lite merksam på fosforinnhaldet i husdyrgjødsel når ein planlegg og bruker ho. Undersøkingane viser at tilført mengde fosfor er til dels mykje over den mengda ein tilrår.

FOSFORSTATUS I JORD: Det er viktig at ein kjenner fosforinnhaldet i jorda når ein skal finne gode tiltak som reduserer risikoen for fosforavrenning. Mykje plantetilgjengeleg fosfor aukar faren for tap til vatn. Alle føretak tek regelmessig jordprøvar for å analysere næringsstilstanden. Bioforsk har utarbeidd ein metodikk for å samanstille jordsmonndata og kartdata for nedbørfelt for å kunne lage vassdragsvise oversikter over fosforinnhaldet på jordbruksareala.

REDUSERT AVRENNING I VESTRE VANSJØ, ØSTFOLD: I Vestre Vansjø er det sett i gang eit utviklingsprosjekt for å finne fram til nye og betre tiltak som kan redusere avrenninga av fosfor frå jordbruksareala. Tiltak som blir prøvde ut, gjeld mellom anna jordarbeiding, vegetasjonssoner, gjødslingspraksis og betre tilpassing av driftsmåtane til fosforstatusen i jorda. Parallelt med utprøvinga registrerer Bioforsk erfaringar og data om miljøeffektar av tiltaka.

MILJØOVERVAKING OG RESULTATRAPPORTERING

Jordbruk og miljø, den årlege rapporten frå Statistisk sentralbyrå (SSB), tek opp status og gjennomføring av ulike tiltak i jordbruket som har innverknad på miljøtilstanden når det gjeld mellom anna

jordvern, kulturlandskap, ureining, klimaspørsmål. I 2008 blei det utvikla ei webbaserert utgåve som gjer det enklare å hente ut lokale og regionale data på eiga hand.

Gjennom program for jord- og vannovervåking i landbruket (JOVA) kartlegg ein tap av næringsstoff (fosfor og nitrogen) og pesticid frå jordbruksareal i ulike delar av landet, og med ulike driftssystem. Tap av nitrogen frå jordbruksareal var i 2006–2007, som er dei siste tilgjengelege tala, høgare enn gjennomsnittet i dei fleste overvåkingsfelta. Det same gjeld for tap av fosfor og jordpartiklar. Grunnen til auken er truleg auka avrenning som følgje av meir nedbør og stadige episodar med avrenning i vinterperioden. JOVA-programmet gir data som kan utdjupe følgjer av klimaendringar.

UTVALDE KULTURLANDSKAP I JORDBRUKET

Regjeringa har eit mål om at verdifulle kulturlandskap skal vere dokumenterte og få ei eiga forvaltning innan 2010. På oppdrag frå LMD og Miljøverndepartementet har SLF, Riksantikvaren og Direktoratet for naturforvaltning i 2008 levert forslag til 20 slike område frå heile landet. Desse utvalde kulturlandskap i jordbruket utgjer eit representativt utval, med store biologiske og kulturhistoriske verdiar. Det er òg lagt vekt på å finne område der det er realistisk å få til langsiktig skjøtsel og drift.

SPEIELLE MILJØTILTAK I JORDBRUKET (SMIL)


SMIL skal passe på at verdiar i kulturlandskapet i jordbruket blir tekne vare på, og redusere ureining frå jordbruket utover det ein kan rekne med gjennom ordinær drift. SMIL blir forvalta av kommunane, og i 2008 blei det løyvt 130 mill. kroner til ordninga. I overkant av 80 prosent av midlane går til å sikre kulturlandskapsverdiar, om lag 16 prosent til ureiningsreducerande tiltak og rundt 4 prosent til planleggings- og tilretteleggingsprosjekt.

I 2008 har det vore gjennomført ei omfattande ekstern evaluering av SMIL, der ein først og fremst har sett på miljøresultata av ordninga.

UTFORDRINGAR FRAMOVER

- Jordbruksverksemd er ei kjelde til store klimagassutslepp. Samtidig har vi ufullstendig kunnskap om kor store utslepp dei ulike jordbruksaktivitetane er årsak til, og kva som er effektive tiltak for å redusere utsleppa.
- Endra driftsmåtar og klimaendringar fører til aukande attgroing både av jordbruksareal som ikkje blir halde i hevd, og utmark.
- Det er sett i verk ei rad tiltak for å redusere næringsstofftapet til vatn, men det er likevel ofte vanskeleg å observere effekt i resipienten. Det kan ta lang tid før ein oppnår effektar av tiltak, samtidig som endra klimatiske forhold påverkar situasjonen. Det er også store lokale variasjonar i avrenning og effektar av tiltaka.

TØMMERAVVERKING I NORGE



SKOGBRUK

Etterspørselen etter treprodukt har gått ned i 2008. Finanskrisa med påfølgjande låg byggeaktivitet har forsterka dette. Dei høge tømmerprisane frå 2007 heldt seg oppe i byrjinga av 2008, men har gått kraftig ned i 2. halvår. Prisen på tømmer til bygningmaterialar er i løpet av året redusert med ca. 100 kr/m³. Gjennomsnittsprisen på alt levert tømmer har gått ned frå 372 kr/m³ i 2007 til 361 kr/m³ i 2008.

Prisnedgangen har ført til at tømmeravverkinga er redusert. Først i året låg hogsten rett nok høgare enn i 2007, men dette snudde i andre halvår. Det blei avverka totalt 8,2 mill. m³ tømmer i 2008, mot 8,35 mill. m³ i 2007. Skogsvirke til bioenergiformål har enno ikkje eit slikt omfang at det veg opp for nedgangen i tømmerleveransar til ordinær industri. Når det gjeld investeringstiltak i skog, har vi sett større aktivitet i 2008. Plantinga har auka med 16 prosent, ungskogpleie har auka med 6 prosent, og bruk av skogfond til investeringar i skogen har auka med 12 prosent (30 mill. kroner).

Skogfondssystemet Web-Skas er vidareutvikla i 2008, det er blitt meir brukarvennleg og klargjort til å kunne takast i bruk av fleire skogeigarar.

Det er fordelt 144 mill. kroner frå LUF til nærings- og miljøtiltak i skogbruket og til skogbruksplanlegging, av desse går 5 mill. kroner til særskilt satsing på kystskogbruket.

For å bevare rolla som nasjonal fagmyndigheit på skog har SLF vidareutvikla kompetansen sin på skogbruk, og rolla er gjord synleg gjennom etablering av ny seksjon for skog og kulturlandskap.

FAKTA OM SKOGFOND

Skogeigarar skal avsetje ein del av tømmerinntekta til eit skogfond. Avsetninga kan takast ut delvis skattefritt og brukast til investeringar på eigen eigedom, til dømes til planting av ny skog etter hogst. I samband med denne avsetninga blir alt tømmersal registrert i ein sentral virkesdatabase, med volum og bruttov verdi fordelt på dei ulike tømmer-sortimenta. Dette gir grunnlag for å lage statistikk og utviklingstrender. SLF forvaltar skogfondssystemet som skogstatistikken blir henta frå.

Det er arrangert nettverksmøte for inviterte aktørar frå skognæringa, og det er halde kontaktmøte med sentrale organisasjonar og institusjonar i skogbruket. SLF har nær kontakt med fagsvarlege på skogområdet hos fylkesmannen og har gjennomført fagsamlingar for desse. SLF har i 2008 fått ei styrkt rolle knytt til beredskapsoppgåver på skogområdet.

UTFORDRING FRAMOVER

- Unngå at ein periode med lågkonjunktur og sviktande etterspørsel gir varig skadeverknad på framtidig aktivitet og verdiskaping

ERSTATNINGSORDNINGANE I LANDBRUKET

Erstatningsordningane i landbruket skal vere eit supplement der det ikkje finst generelle forsikringstilbod som kan redusere den risikoen føretaka har for økonomisk tap. Erstatningsordningane legg også til rette for ein aktiv strategi for å motverke farlege sjukdommar og skadegjerarar i jordbruket.



I 2008 er det elektroniske søknads- og saksbehandlingssystemet for erstatningsordningane teke i bruk fullt ut av søkjarar, kommunar, fylkesmannen og SLF. Om lag 20 prosent av dei som søkte om erstatning etter avlingssvikt i 2008, valde å søkje elektronisk hausten 2008, noko som er eit godt resultat i det første året systemet er i bruk. Tilbakemeldingar på systemet frå søkjarar og forvaltning er gode.

Det er ei prioritert oppgåve å bidra til at elektronisk søknad blir teken i bruk av flest mogleg, slik at effektiviseringsgevinstar kan takast ut. Søkjarane kan få erstatningssakene sine raskare avgjorde, og kommunal og regional forvaltning får frigjort tid til rettleiing og fagleg saksbehandling av erstatningssakene.

ERSTATNING FOR KLIMARELATERTE SKADER

Dei førebelse tala for skadeåret 2008 viser 300 søknader om erstatning for avlingssvikt. I 2008 er talet på søknader om erstatning etter avlingssvikt jamnare fordelt over landet enn i 2007. Nordland og Troms hadde i 2008 tørke gjennom heile vekstseongen. Dette resulterte i avlingssvikt, framfor alt i grovfôrproduksjonen. For resten av landet er saksmengda fordelt på dei forskjellige vekstgruppene.

ERSTATNING ETTER OFFENTLEGE PÅLEGG OG RESTRIKSJONAR I PLANTE- OG HUSDYRPRODUKSJON

I 2008 blei det utbetalt 5,2 mill. kroner i erstatning etter pålegg gitt for å motverke smittsame husdyrsjukdommar. Vel 4 mill. kroner av utbetalingane gjeld erstatning etter utbrot av infeksjøs bronkitt hos fjørfe. Det er også gitt erstatning etter påvist klassisk skrapesjuka hos sau og salmonella i fjørfe.

Det er utbetalt 19,4 mill. kroner i erstatning etter pålegg om tiltak mot farlege planteskadegjerarar. Desse erstatningane har vist ein aukande tendens dei siste åra. Enkeltsjukdommar som har ført til dei største samla utbetalingane, er jordbærsvartflekk med 7,8 mill. kroner, søramerikansk minérfluge (hovudsakleg i veksthusproduksjon) med 3,2 mill. kroner og kvit PCN (potetecystenematode) med 3,5 mill. kroner.


Frå 2008 har SLF fått ansvaret for utbetaling av kompensasjon til dyreeigarar som får restriksjonar frå Mattilsynet i bruk av utmarksbeite på grunn av rovvilt. I 2008 har éin saueigar fått kompensasjon etter denne ordninga.

SLF har i 2008 ført vidare arbeidet knytt til genmodifiserte organismar (GMO), og har som medlemmer i den norske delegasjonen delteke i førebuingar til og gjennomføring av forhandlingar i regi av FN (UNEP) om ansvars- og erstatningsreglar ved transport av GMO over landegrensene etter Cartagena-protokollen.

UTFORDRINGAR FRAMOVER

- Klimaendringar og auka internasjonal handel og trafikk fører med seg større risiko for større utbrot av farlege sjukdommar og produksjonstap i norsk landbruk. Erstatningsordningane i landbruket må forvaltast slik at dei utgjer ein del av beredskapen til å handtere slike situasjonar.

TAL PÅ SAKER OG KRONER UTbetalte FOR AVLINGSSVIKT 2003–2008



NATURSKADE

I 2008 er det behandla 757 erstatningssøknader og gitt tilsegn om erstatning for totalt 78,3 mill. kroner. (Av dette utgjør erstatning for flaumskadar 63,5 mill. kroner. For skadar på vegar og bruer er det gitt erstatningar for 42,1 mill. kroner.) Det er gitt tilsegn om erstatning for 14,1 mill. kroner til jordbruksareal.

Statens landbruksforvaltning er sekretariat for styret og ankenemnda for Statens naturskadefond. Naturskadeordninga omfattar erstatning etter naturskade, tilskot til sikring mot naturskade, med hovudvekt på sikring mot skred, og tilskot til FoU-prosjekt for å auke effekten av sikringstiltak.

SLF er saman med Naturskadeforsikringspoolen norske representantar i World Forum of Catastrophe Programmes, og har i 2008 teke del på det årlege møtet til forumet som blei halde på Island. Formålet til forumet er informasjons- og erfaringsutveksling og diskusjon av felles utfordringar. På møtet i 2008 presenterte representantar for Verdsbanken og OECD aktivitetane sine på naturskadeområdet.

SLF har i 2008 vore staten sin representant i 22 overskjønn for tingrettar over store delar av landet, og assistert ved 8 ankesaker i lagmannsretten, knytte til naturskadetakstar. I over 20 ankesaker

som er førte for lagmannsretten i perioden 2006–2008, er staten si tolking av sentrale rettslege omgrep i naturskadelova stadfesta.

Av totalt 15 søknader er det i 2008 gitt tilskot på til saman 8,1 mill. kroner til 5 sikringstiltak mot naturskadar. Sikringsprosjekta som har fått støtte, er eit interkommunalt fjellskredprosjekt i Troms, rassikringsprosjekt i Gaular, Årdal og Storfjord kommunar, og utgreiing av sikring mot erosjon frå sjøen i Tranøy kommune. Det er også gitt tilskot på til saman 1,5 mill. kroner til to FoU-prosjekt for utgreiing av skredfare i Møre og Romsdal fylke og i Aurland kommune.

Frå og med 1. januar 2009 har Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) det overordna ansvaret for statlege forvaltningsopp-gåver innanfor førebygging av skred. SLF har i 2008 hatt ein tett dialog og samarbeid med NVE om overføring av tilskotsordninga.

UTGREIING AV NATURSKADEORDNINGA

SLF har i 2008 overlevert utgreiing av naturskadeordninga med forslag til ny naturskadelov til Landbruks- og matdepartementet. Lov-utgreiinga er ein fullstendig gjennomgang av naturskadeordninga, og er mellom anna bygd på eksterne utgreiingar av samfunns- og klimaendringar som kan få innverknad på naturskadeordninga.

Klimaendringane vil i åra framover sannsynlegvis gi fleire naturskadar, hovudsakleg på grunn av meir flaum, skred og stormflo i kombinasjon med havnivåstiging. Ei aktiv og framtidretta arealplanlegging og -disponering kan dempe effekten av klimaendrin-

gane. Innbyggjarane har større kjøpekraft enn før, men også større forventningar til offentleg bistand ved naturskadehendingar. Slik SLF vurderer det, er behovet for ei naturskadeerstatningslov ikkje redusert. Utviklingstrekkja understrekar behovet for eit lovverk som definerer dei sentrale rettslege prinsippa, som står fram som rimeleg, og som legg grunnlaget for hurtig erstatningsfastsetjing.

SLFs forslag til ny naturskadelov fører vidare hovudformåla i eksisterande lovverk knytte til at staten skal yte erstatning ved naturskadar som det ikkje kan teiknast forsikring mot. SLF tilrår at også tomtefestarar og personar med langvarige og eksklusive bruksrettar til det skadde objektet bør få rett til erstatning. Vidare er det foreslått å lovfeste viktige rettslege prinsipp og tolkingar som er slått fast gjennom rettspraksis. SLF tilrår ei omlegging og forenkling av eigendelreglane.

SLF tilrår ei forvaltningsmessig taksering og utmåling av naturskadeerstatning i staden for gjeldande system med rettsleg taksering av skadeomfang og utbetningskostnad med ei etterfølgjande forvaltningsmessig erstatningsfastsetjing.

UTFORDRINGAR FRAMOVER

- Å ta høgde for dei utfordringar både klimaendringar og samfunnsendringar kan føre med seg for utvikling og omfang av naturulykker, og dermed for erstatningsordninga
- Bidra til at overgangen til nytt lovverk for naturskadeerstatning skjer på ein god måte

SAMARBEID MED ANDRE

SAMARBEIDSAVTALE MED MATTILSYNET

Det konstituerande møtet for samarbeidsavtalen mellom SLF og Mattilsynet blei halde våren 2008. Avtalen skal sikre eit robust samarbeid for begge partar og bidra til ein best mogleg samla service overfor brukarane, bidra til felles fagleg kompetanseutvikling, tenesteutveksling og forståing av problemstillingar som gjeld begge partane. Det er gjort fleire delavtalar om tenesteutveksling under samarbeidsavtalen. I 2008 blei delavtalen om tilrettelegging for og innkrevjing av forskings- og matproduksjonsavgift på kjøtt og egg fornya.

SAMARBEIDSAVTALE MED DIREKTORATET FOR NATURFORVALTNING OG RIKSANTIKVAREN

SLF har samarbeidsavtale med miljødirektorata under Miljøverdepartementet, der felles årlege direktørmøte er eit ledd i dette samarbeidet. Samarbeid om forvaltning av verdsarvområda og utvalde kulturlandskap i jordbruket har vore særleg fokusert på i 2008.

SAMARBEIDSAVTALE MED INSTITUTT FOR SKOG OG LANDSKAP

SLF har samarbeidsavtale og årlege direktørmøte med Skog og landskap. Utvikling av tenester innanfor kart og geodata står sentralt. Etter at SLF har fått fleire oppgåver på skogområdet, er Skog og landskap blitt ein viktig samarbeidspartnar også i samband med skogbruksplanlegging, skogtaksering, skogforskning og beredskapsoppgåver i skog.





Landbruksproduksjon

På resultatområdet landbruksproduksjon skal SLF bidra til å sikre matproduksjonen og ei stabil matforsyning. Arbeidsoppgåvene er knytte til utvikling og forvaltning av inntekts- og velferdsordningar, dessutan dei produksjonsregulerande verkemidla mjølkekvotar og husdyrkonsesjon. Felles for ordningane er at det er primærproduzenten som er målgruppa.

Talet på søkjarar om produksjonstilskot har gått jamt ned dei siste åra, men nedgangen på 1,9 prosent frå 2007 til 2008 (basert på søknadsomgangen per 20. august) er noko mindre enn i tidlegare år. I år 2000 var det 64 774 søkjarar, mot 47 253 søkjarar i 2008. Dette svarer til ein nedgang på 32,3 prosent på åtte år.

Talet på dekar som blir dyrka, er stabilt, og i 2008 blei det søkt om tilskot for i alt 10 190 257 daa jordbruksareal. Om lag 2/3 av areala blir brukte til eng og beite, og om lag 1/3 blir nytta til korndyrking. Om lag 2,4 prosent av det dyrka arealet blir brukt til potet, grønnsaker, frukt og bær. Gjennomsnittsarealet per drifts-eining auka med 4 daa til 216 daa det siste året. Delen leigejord varierer betydeleg mellom ulike område i landet, men er aukande og utgjør i snitt om lag 40 prosent av jordbruksareala.

Produksjonstilskot er eit samleomgrep for ei gruppe av tilskot i jordbruket basert på talet på dekar og dyr. Tilskota skal utbetalast direkte til gardbrukaren. Søknadene blir behandla av kommunen.

Areal i første års karens under omlegging til økologisk areal er på om lag same nivå i 2008 som i 2007, høvesvis 50 913 daa og 51 551 daa. Økologisk kornareal aukar litt frå 64 510 daa i 2007 til 66 882 daa i 2008.

Frå 2007 til 2008 har talet på mjølkekyr gått ned frå 253 372 til 248 102. Nedgangen i tal på mjølkekyr blir delvis motverka av at talet på ammekyr har auka frå 60 577 til 62 876. Av ammekyrne er 43 597 dyr minst 50 prosent kjøttferase.

TILSKOTSFORVALTNING

I 2008 har det vore arbeidd vidare med utvikling av løysingar som sikrar gode rutinar for søknad, kontroll og utbetaling av tilskot. Dette skal sikre at rett beløp blir utbetalt til rett tid. Dei samla tilskota for dei drygt 47 000 føretaka var i 2008 på 9,6 mrd. kroner, der produksjonstilskot utgjorde om lag 6,5 mrd., pristilskot 1,5 mrd. og velferd og kompetanse 1,6 mrd. kroner.

I 2008 gjennomførte SLF ei vurdering av dei landbrukspolitiske verkemidla frå ein matpolitisk ståstad. Konklusjonen var at verkemidla i all hovudsak verkar nøytralt eller positivt understøttande på måla i matpolitikken.

Ansvar for koordinering av innspel til jordbruksoppgjere ligg til dette området. Rapport skal leverast innan 15. februar kvart år. Viktige mål er å bidra til verdiskaping i næringslivet og å utvikle regelverket vidare slik at det blir lettare å rette seg etter for føretaka og styrkjer grunnlaget for ei effektiv og einskapleg forvaltning.

NOKRE ENDRINGAR FRÅ 2007 TIL 2008

	Tal på føretak		Gjennomsnittleg tal på dyr per føretak		Auke per besetning frå 2007 til 2008
	2008	2007	2008	2007	2007-2008
Mjølkekyr	12 557	13 668	19,8	18,5	1,2
Mjølkegeiter	455	493	85,8	83,2	2,6
Sauer over 1 år per 1. januar	14 712	15 199	48,1	47,5	0,6
Slaktegriser	2 410	2 556	183,7	176,1	7,6
Slaktekylling	411	370	28 116,7	29 676,5	-1 559,8
Verpehøner	1 820	1 850	1 955,3	1 888,2	67,0

NY PRISTILSKOTSFORSKRIFT

I desember 2008 blei samla forskrift om pristilskota og formidling av tilskota fastsett. Forskriftene inneber få realitetsendringar frå tidlegare praksis, men gjennom dei to nye samleforskriftene har ein søkt å oppnå eit meir heilskapleg og brukarvennleg regelverk for pristilskota. Eigne rundskriv for områda kjøtt, mjølk, ull, korn og egg vil bli sende ut i februar 2009.

Pristilskot er i hovudsak basert på volum og gjeld mjølk, kjøtt, grønt og ull. Pristilskot er verkemiddel med primærprodusentane som målgruppe. Utbetaling av midlane skjer i stor grad via omsetningsledd.

ELEKTRONISK SØKNAD

SLF har også i 2008 arbeidd med å gjere tenesta for elektroniske søknadar via Altinn tryggare og betre tilpassa for næringsdrivande.

ETABLERING AV VERKTØY FOR MEIR MÅLRETTE AREALKONTROLL

For SLF er det sentralt å få på plass eit godt og oppdatert kartverk for jordbruksareala, mellom anna som grunnlag for kontroll av areal i tilskotssamanheng. Saman med Norsk institutt for skog og landskap arbeider SLF med å etablere eit oppdatert digitalt kartverk for alt jordbruksareal innan 2010. I 2011 vil alle kommunane etter planen ha eit kvalitetssikra første generasjons digitalt kartverk som kontrollgrunnlag for dei om lag 3 mrd. kr som årleg blir utbetalte i arealtilskot.

PRESISERING AV SONEGRENSER FOR DISTRIKTSTILSKOT TIL MJØLK OG KJØTT

SLF gjennomførte i 2008, etter oppdrag frå LMD, ei presisering av sonegrensene for distriktstilskot mjølk og kjøtt. Vi viser til SLF-rapport 17/2008 om *kartfesting av sonegrenser for distriktstilskudd melk og kjøtt*. Sonegrensene har for alle kommunar med to eller fleire soner blitt digitaliserte. Resultatet av arbeidet er ei nettløysing som synleggjer dei digitaliserte grensene. Nettløysinga består av bakgrunnskart, driftssenterpunkt og sonegrenser. Brukarane vil få tilgang til karta via internett. Det er eit mål at dataa etter kvart skal leggjast inn som eit eige tema i *Gardskart på Internett*.

VELFERDSORDNINGANE

Velferdsordningane i landbruket er politisk prioriterte gjennom Soria Moria-fråsegna. I 2008 blei det vedteke fleire endringar i regelverk og satsar som skal stimulere til auka bruk av ordningane.

Når det gjeld tilskot til avløyning ved sjukdom osv., er det opna for å gi meir enn eitt tilskot per føretak ved dispensasjon. Det kan vurderast for føretak der drifta er basert på heildags arbeidsinnsats frå begge ektefellar/sambuarar, og for samdrifter der fleire deltakarar er heiltidssyssette i samdrifta.

Avløyingsordningane, tidlegpensjon for jordbrukarar og Etter- og vidareutdanningsfondet i landbruket (EVL) er tilskotsordningar for å fremje velferd, rekruttering og kompetanseutvikling i jordbruket.



Frå 2008 kan jordbrukarar som får tidlegpensjon, ha uavgrensa inntekt i tillegg, utan at det gir avkorting i tidlegpensjonen.

Frå 2008 blei det innført ei ny landbruksvikarordning. Avløyssarlagar har teke over ansvaret for landbruksvikarverksemda, og tilskotet per årsverk landbruksvikarstilling har auka betydeleg. 2008 har vore eit overgangsår med både den kommunale og den nye landbruksvikarordninga. Avløyssarlagar i de fleste fylka har komme langt med å tilsetje landbruksvikarar, og det er gode moglegheiter for at ordninga blir landsdekkjande med ca. 240 landbruksvikarar i løpet av 2009.

VETERINÆRE REISER

Statens landbruksforvaltning yter reisetilskot til veterinærar ved sjuke- og inseminasjonsbesøk. I 2007 blei det på landsbasis utbetalt 32,8 mill. kroner, mens det i 2008 blei utbetalt om lag 36,4 mill. kroner. Auken i utbetaling i 2008 er i stor grad ei følgje av auken i staten sine satsar for skyssgodtgjersle.

KOMMUNALE VETERINÆRTENESTER

Kommunane tok over denne ordninga frå Mattilsynet med verknad frå 1. januar 2008. Statens landbruksforvaltning tok samtidig over ansvaret for å utbetale tilskota til kommunane gjennom fylkesmennene. Fordeling av tilskot er basert på avtale mellom Den norske veterinærforening og Kommunenes Sentralforbund (KS). Dette er ei vidareføring av avtalen som Mattilsynet hadde med veterinærforeninga.

Ordninga består av tre tilskot. Vakttilskot går til å sikre veterinærvaakt i kommunane utanom ordinær kontortid. Administrasjonstilskot på 10 000 kroner, som blir likt fordelt mellom alle

kommunane, og stimuleringstilskot som er aktuelt for kommunar med lågt dyretal, store avstandar og dårleg næringsgrunnlag for veterinære tenester.

2008 var det første året stimuleringstilskot blei fordelt. Det var stor interesse for tilskotet, og heile løyvinga blei fordelt til ulike tiltak. Blant tiltaka var ein stor del driftsstøtte til veterinærane, men også tiltak som gjekk til rekruttering av veterinær, subsidiering av husleige til veterinærar, kompetansehevande tiltak, røntgenutstyr og kontorplass. Mange kommunar søkte åleine, men i fleire område var det samarbeid mellom kommunar om søknad.

Fylke som har fått stimuleringstilskot i 2008:

Fylke	Tal på tildelingar	Totalt tildelt sum
Hedmark	4	450 000
Telemark	2	600 000
Aust-Agder	2	600 000
Vest-Agder	3	450 000
Hordaland	3	750 000
Sogn og Fjordane	9	600 000
Møre og Romsdal	7	750 000
Sør-Trøndelag	6	450 000
Nord-Trøndelag	5	450 000
Nordland	13	1 400 000
Troms	9	1 100 000
Finnmark	7	1 400 000
SUM	70	9 000 000

Det blei fordelt 9 mill. i stimuleringstilskot og 88,6 mill. i vakt- og administrasjonstilskot i 2008.



KONTROLLPROSJEKTET

Prosjektet *Kontroll av tilskot i landbruket* blei avslutta i januar 2008. Målet for prosjektet var å bidra til å styrkje arbeidet forvaltninga gjer med dei økonomiske verkemidla i landbruket som blir forvalta gjennom SLF, fylkesmennene og kommunane. Det skulle rettast spesiell merksemd på fylkesmannens funksjon som kontrollmyndigheit og fremjast forslag for å styrkje denne funksjonen.

Oppfølging og implementering av foreslåtte tiltak høyrer inn under LMD, SLF og fylkesmannen. SLF gav i tildelingsbrevet for 2008 fylkesmennene eit konkret og omfattande oppdrag på kontrollområdet. Dei signala og den dokumentasjonen som ligg føre, viser at fylkesmennene har følgd opp dette på ein god måte.

Det er gjennomført samling for erfaringsutveksling med fylkesmennene som grunnlag for vidareutvikling av malar og rutinar for å sikre ein effektiv, kvalitativ og einskapleg kontroll av forvaltning og føretak.

PRODUKSJONSREGULERING

SLF er førsteinstans i saker knytte til kvoteordninga for mjølk. I 2008 fatta SLF ca. 800 enkeltvedtak knytte til kvoteordninga for mjølk (omsetning av kvotar er halden utanom). Av desse var om lag 80 prosent knytte til samdrifter. Ved utgangen av året er det om lag 2075 samdrifter, ein auke på 175 frå året før.

Produksjonsregulering inneber iverksetjing og oppfølging av juridiske tiltak for kvantumstilpassing i primærproduksjonen. SLF har ansvar for kvoteordninga for mjølk og husdyrkonsesjonsordningane. SLF er også sekretariat for klagenemnda for kvoteordninga for mjølk.

På husdyrkonsesjonsområdet er det få saker til behandling i SLF. SLFs hovudoppgåve er å bidra til kompetanseheving og klargjering av regelverket i ytre forvaltning slik at ho er rusta til å møte ei rad krevjande problemstillingar.

OMSETNING AV KVOTE

Det var 456 kumjølkprodusentar og 18 geitemjølkprodusentar som selde mjølkekvote i 2008. Det var også i 2008 stor interesse for å kjøpe mjølkekvote til konvensjonell mjølkeproduksjon. Totalt blei det godkjent 6075 kjøp av kumjølkkvote frå staten og 136 kjøp av geitemjølkkvote. Det var 100 mjølkeprodusentar som ønskte å kjøpe økologisk kumjølkkvote. Dei ønskte å kjøpe ca. 2,8 mill. liter kvote.

SLF lanserte ei nettløysing for kjøp av kvote hausten 2008. Løysinga gir eigarar av landbrukseigedommar større tryggleik og betre tilgang til opplysningar om kvoten til eigedommen. Ved å logge seg inn i systemet via Altinn får mjølkeprodusentane høve til mellom anna å sjå detaljar om kvoten og historikken til kvo-



ten, dessutan melde inn kjøp av kvote frå staten elektronisk. 46 prosent av kjøparane melde inn kjøpet sitt elektronisk. Løysinga gir sikker og effektiv innlevering av søknader, samtidig som ho gir mjølkeprodusentane og forvaltninga god oversikt over innsende søknader.

KLAGENEMNDA FOR KVOTEORDNINGA FOR MJØLK

Statens landbruksforvaltning har sekretariatsfunksjonen for Klagenemnda for kvoteordninga for mjølk.

Klagenemnda for kvoteordninga for mjølk er klageinstans for saker som gjeld forskrift om kvoteordninga for mjølk. I 2008 behandla klagenemnda 27 saker. To av desse blei godtekne, mens dei andre blei forkasta. Fleirtalet av sakene dreier seg om dispensasjon frå kravet om samanhengande leveranse før etablering av samdrift.

Sivilombodsmannen vitja SLF for å få vite meir om kvoteordninga og korleis arbeidet med Klagenemnda for kvoteordninga for mjølk er organisert. Nemnda fekk gode skotsmål for behandlinga av saker.

LOKAL FOREDLING AV MJØLK

SLF kan gi fritak frå overproduksjonsavgift for produksjon av mjølk til lokal foredling. Formålet med ordninga er å stimulere til auka verdiskaping i mjølkeproduksjonen gjennom å utnytte potensialet i marknaden for mjølk som blir foredla lokalt.

Ved utgangen av 2008 hadde 126 landbrukseigedommar og samdriftsføretak fritak frå overproduksjonsavgifta. Det er ikkje alle som har fått fritak, som har gått i gang med produksjon og omsetning av lokalt foredla mjølk.

I tillegg til produsentar med fritak frå overproduksjonsavgift finst det lokalforedlarar som produserer mjølk innanfor eksisterande mjølkekvote. Enkelte eigedommar har fritak frå både overproduksjon og mjølkekvote. I samsvar med gjeldande regelverk skal all mjølkeproduksjon som blir foredla og omsett lokalt, rapportert til SLF innanfor gitte fristar. SLF får inn rapportar om mjølkeproduksjon til lokal foredling frå om lag 80 produsentar.

I januar 2008 lanserte SLF ein nettbasert leveransedatabase for elektronisk rapportering av omsett vare ved lokal foredling av mjølk.

Fram til desember 2007 rapporterte ca. 30 lokale foredlarar omsetninga si til TINE, og fekk utbetalt pristilskot kvar månad derfrå. Frå 2008 har desse rapportert direkte til Statens landbruksforvaltning. SLF gjer opp pristilskot to gonger i året. I 2008 blei det gjort to ekstraordinære utbetalingar til dei som rapporterte til TINE tidlegare, baserte på elektronisk rapportering. Rundt 10 foredlarar gjorde seg nytte av dette i kvar runde.

HUSDYRKONSESJON

Lov om regulering av svine- og fjørfeproduksjonen har som formål å leggje til rette for spreing av denne produksjonen ved å setje maksimalgrenser for einingane. Det er berre 218 føretak som har konsesjon for å drive over konsesjonsgrensene. Av desse har 93 konsesjon for svineproduksjon, 114 for fjørfe og 11 for kombinert produksjon.

SLF er klageinstans for saker knytte til regelverk om husdyrkonsesjon. Det har vore ein svak nedgang i talet på klagesaker frå 14 i 2004 til 10 i 2008. I 2008 har det også vore to saker der SLF har gjort om vedtaket til fylkesmannen. Klagesakene har i hovudsak vore avslag på søknad om konsesjon ut over den konsesjonsfrie grensa for svine- eller fjørfeproduksjon.

Samarbeid innanfor svineproduksjonen og utskiljing av tomter til kraftfôrkrevjande produksjon har vore aktuelle tema i 2008, og ein ser for seg at dette er aktuelle område vidare framover.

Det er eit prioritert område å følgje opp fylkesmennene sitt arbeid med kontroll innanfor dei konsesjonsregulerte produksjonane. Kontrollutfordringane er knytte til å avdekkje samarbeid som er meir omfattande enn det regelverket tillèt. I 2008 er det sagt dom i både tingrett og lagmannsrett i ei sak som på ein god måte synleggjer kor krevjande slike saker er for forvaltninga. Kompetansebehovet er stort både på kommunalt og regionalt nivå.

KOMPETANSE

SLF er sekretariat for styret for Etter- og vidareutdanningsfondet i landbruket (EVL). Kompetanseutviklingsprogrammet i landbruket (KIL), som SLF har forvalta tidlegare, har frå 1. januar 2008 vore forvalta av KSL Matmerk.

Styret for EVL har i 2008 fordelt ca. 5,1 mill. kroner til fylka. Midlane går til kursarrangørar som gjennomfører etter- og vidareutdanningskurs for bønder. Dette er 75 prosent av fordelinga tidlegare år og heng saman med at kapitalen til fondet no er disponert. Det vil innebere at 2008 var det siste året der EVL-fondet hadde midlar til fordeling, og som følgje av arbeidsfristar vil 2009 vere det siste året der det er EB-midlar ute i fylka.

Støtta til etter- og vidareutdanning i landbruket er inne i ei brytingstid. Ved jordbruksforhandlingane i 2008 blei det bestemt at ansvaret for å yte støtte til gjennomføring av etterutdanningskurs for bønder skal leggjast til fylkesmannen, og at aktiviteten skal prioriterast innanfor dei fylkesvise BU-midlane som fylkesmannen forvaltar. I samband med forvaltningsreforma kjem det fram i *Ot.prp. nr. 10* (2008–2009) at fylkeskommunane vil få ei meir sentral rolle frå 2010 på mellom anna etter- og vidareutdanningsområdet for landbruket.

SAMARBEID MED ANDRE

Løysing av oppgåvene skjer i eit omfattande samarbeid med ei rad offentlege og private aktørar med fylkesmenn og kommunar som dei viktigaste.

SLF har også formalisert samarbeidet med enkelte institusjonar gjennom samarbeidsavtalar. Avdeling Landbruksproduksjon har koordineringsansvaret for avtalane med Innovasjon Noreg (IN), Statistisk sentralbyrå (SSB) og Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF). Avtalane med SSB og NILF blei gjorde i 2008.

Det mest omfattande samarbeidet er knytt til NILF, der alle avdelingar i SLF har betydeleg rapportering av data og informasjon som NILF bruker i arbeidet sitt for Budsjettnemnda. Det vil vere spennande å sjå framover kva synergjar som kan oppstå i samhandlinga mellom SLF, NILF og SSB.

UTFORDRINGAR FOR RESULTATOMRÅDET I TIDA FRAMOVER

- Føretaka etablerer i aukande grad nye organisasjons- og samarbeidsformer. Dette inneber ei utfordring i form av å kunne handheve tilskotsregelverket og regelverket for husdyrkonsesjon. SLF vil fokusere meir på dette i tida framover og vurdere tiltak for å hindre ei uønskt tilskotstilpassing. Ein effektiv og kvalitativt god kontroll er viktig for næringslivet, for tilliten til forvaltninga og legitimiteten til landbrukspolitikken.
- Regelverket SLF forvaltar overfor landbruksføretaka, er mangfaldig og til dels komplekst. Det blir oppfatta som krevjande både for dei næringsdrivande og for forvaltninga, særleg for kommunalforvaltninga. Det er ei utfordring for SLF å bidra til å gjere regelverket meir oversiktleg, lettare å innrette seg etter for føretaka og enklare å forvalte på ein effektiv og god måte.
- Dei juridiske og økonomiske verkemidla må kontinuerleg utviklast vidare for å kunne nå dei måla som er sette for landbrukspolitikken. Underdekning på norsk saue- og storfekjøtt er døme på ei sentral utfordring.
- Å medverke til at ein ny forvaltningsmodell for kompetansemidlar vil sikre behova i landbruket for etter- og vidareutdanningsmidlar. I samband med avviklinga av EVL-fondet vil SLF stille erfaringane sine til disposisjon for fylkeskommunen og fylkesmannen.



Omsetning og marknadstiltak

På resultatområdet omsetning og marknadstiltak skal SLF bidra til å sikre ein stabil marknad og ein velfungerande næringsmiddelindustri. Arbeids- og ansvarsområda innanfor resultatområdet er marknadsordningane for mjølk, kjøtt, egg, grønt, potet og korn. Forvaltning av ordningar innanfor økologisk landbruk, forskning, planteforedling og oppformering, beredskap og pelsdyr ligg også her. SLF er vidare sekretariat for Omsetningsrådet, Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt og Forskningsmidlane over jordbruksavtalen, og har dessutan ei rådgivande og initierande rolle på området økologisk landbruk.

Marknadsreguleringa er saman med importvernet, prisar og tilskot viktige instrument i landbrukspolitikken.

OMSETNINGSRÅDETS ANSVARSOMRÅDE

Marknadsreguleringa har som formål å sikre alle produsentar av jordbruksvarer avsetning for varene til stabile prisar, og til prisar som er fastsette i jordbruksavtalen. Ordninga skal sikre forsyningar i alle delar av landet til nokolunde like prisar, og skal først og fremst ta hand om dei temporære svingingane i marknaden på ein slik måte at ein unngår store prisfall. Det er ein viktig føresetnad at ordninga skal verke konkurransenøytral mellom industriaktørane.

Omsetningsrådet er sett til å forvalte verkemidla i marknadsreguleringsordninga gjennom marknadsregulatorane. Omsetningsrådet er ved omsetningslova gitt kompetanse til å styre midlane som blir kravde inn i samsvar med omsetningslova. Omsetningsrådet er sett saman av representantar for styresmaktene, forbrukarane, bondeorganisasjonane, samverkeorganisasjonane, næringsmiddelindustrien og handelen. Lova seier også at Omsetningsrådet skal ha eit arbeidsutval og eit tilsynsutval. Arbeidsutvalet har delegererte fullmakter og fremjar forslag til Omsetningsrådet, mens Tilsynsutvalet fører kontroll med Omsetningsrådets verksemd og rekneskap og dei organisasjonane som får støtte finansiert av omsetningsavgiftene. SLF er sekretariat for Omsetningsrådet.

Omsetningsrådet hadde i 2008 til saman fire møte, og arbeidsutvalet hadde tolv møte. Tilsynsutvalet hadde i 2008 tre møte.



VIKTIGE SAKER SOM BLEI BEHANDLA I OMSETNINGSRÅDET I 2008

Omsetningsrådet har i 2008 arbeidd med revideringa av Omsetningsrådets regelverk. Formålet med revisjonen er å gjere regelverket meir oversiktleg og korrekt. Første fase av prosjektet var å endre regelverket slik at ein del av regelverket blei gjort om frå forskrift til retningslinjer. Den 22. oktober 2008 vedtok Omsetningsrådet *forskrift om marknadsregulering til å fremme omsetningen av jordbruksvarer* (FOR 2008-10-22 nr. 1136) og retningslinjer om marknadsreguleringa som Omsetningsrådet forvaltar. Retningslinjene inneheld meir detaljføresegner, og forskrifta inneheld meir overordna føresegner.


Etter at Omsetningsrådet hadde fastsett budsjetta for Opplysningskontoret for kjøtt og Opplysningskontoret for egg og kvitt kjøtt for 2008, bad LMD om at saka blei vurdert på nytt av rådet, og gav klare føringar om å redusere budsjetta i forhold til opphavleg vedtak. Rådet kom dette i møte. I tillegg blei det i etterkant gitt mellom anna denne føringa frå avtalepartane i St.prp. om jordbruksoppgjret 2008: «Avtalepartane har tidligere signalisert at Omsetningsrådet må gjennomføre en løpende og kritisk vurdering av ressursbruken på dette området. Det er viktig å se bruken av midler i sammenheng med markedsutviklingen og behovet for marknadsregulering. Landbruks- og matdepartemen-

tet har ved flere anledninger, og senest i forbindelse med budsjettbehandling for kontorene for 2008, påpekt at signalene ikke er fulgt opp i tilstrekkelig grad. Det er bl.a. vist til at kostnadene ved enkelte kontor har vokst kraftig.» I tillegg gav avtalepartane SLF i oppdrag å vurdere ulike finansieringsmodellar for Opplysningskontoret for kjøtt og Opplysningskontoret for egg og kvitt kjøtt før jordbruksoppgjret 2009.

Våren 2008 blei det oppdaga fotrøte blant fleire besetningar av sau ulike stader i Noreg. På bakgrunn av dette søkte Nortura om ekstra midlar frå omsetningsavgifta over faglege tiltak til nasjonalt fotrøteprosjekt i regi av Animalia mot slutten av 2008. Det blei søkt om 14 mill. kroner for kostnadene som var komne på i 2008 og i første halvår 2009. Omsetningsrådet fatta 17. desember 2008 vedtak om å løyve midlar over posten *faglege tiltak* til prosjektet.

For nærare omtale av marknadsreguleringstiltaka og markeds-situasjonen i 2008 viser vi til eiga årsmelding for Omsetningsrådet, som kjem ut i juni 2009.

FORBRUK AV KVEITE TIL MATMJØL



SITUASJONEN I DEN NORSKE KORNMARKNADEN

Norske Felleskjøp prognoserte (november 2008) innkjøp av korn i sesongen 2008–2009 til 1 347 000 tonn. Dette er ca. 210 000 tonn meir enn i 2007–2008. Analysar viste at berre om lag 30 prosent av kveiten er av matkvalitet. Til samanlikning heldt føregående sesong ca. 80 prosent av kveiten matkvalitet, og gjennomsnittet for dei føregående ti åra ligg på 72 prosent. Den lågaste prosentdelen kveite med matkvalitet som er registrert gjennom dei siste ca. 30 åra er 47 (hausta i 2001). Sjølv om det totale kveitekvantumet ifølgje prognosen i inneverande sesong er stort, ca. 80 000 tonn større enn i 2007–2008, vil den låge matdelen resultere i at det er lite norsk matkveite til disposisjon for matmjølmøllene. Innblandinga av norsk kveite i matmjølet i 2009 blir dermed lågare enn på mange år. Både i 2007 og 2008 var prosentdelen norsk kveite i matmjølet godt over 70.

Det store totalkvantumet med korn kombinert med liten matdel i kveite resulterer i eit relativt stort kvantum fôrkorn. Av Felleskjøpets prognose går det fram at det derfor ligg an til eit overskot av norsk fôrkorn på ca. 68 000 tonn, som det kan bli nødvendig å overlagre til sesongen 2009–2010. Dette har skjedd berre ein gong før, etter avlinga i 2004.

Salet av kraftfôr har auka over år og var i 2008 1 832 500 tonn, 60 600 tonn over året før. Det er spesielt innanfor fjørfe det har vore ein betydeleg omsetningsauke det siste året. Karbohydratdelen i kraftfôret ligg på ca. 75 prosent, og av dette kan norsk korn dekkje inntil ca. 85 prosent. Variasjonen over år er normalt avhengig av tilgangen.

UTFORDRINGAR FRAMOVER

- Optimalisere produksjonen av korn slik at det er attraktivt for industrien å nytte mykje norsk korn i kraftfôret og matmjølet
- Føre vidare ein tilnærma lik pris på råvara korn over heile landet

PRISUTJAMNINGSORDNINGA FOR MJØLK

Formålet med prisutjamningsordninga for mjølk (PU-ordninga) er å regulere prisdifferensieringa av mjølk som råvare til ulike bruksområde. Samtidig er det eit mål å gjere det mogleg for mjølkeprodusentar å realisere målprisane på mjølk i jordbruksavtalen uavhengig av bruken av mjølka og lokaliseringa av produksjonen. Eit viktig omsyn er dessutan å sikre like konkurransevilkår for aktørane som er med i ordninga.


Aktørane i prisutjamningsordninga for mjølk er meieriselskap, det vil seie selskap som kjøper ubehandla mjølk til vidareforedling eller til produksjon av mjølkeprodukt. I 2008 var desse aktørane med i prisutjamningsordninga: TINE, Synnøve Finden, Normilk, Q-meieriene, Rørosmeieriet, Kraft Foods og Lillehammer Ysteri.

FRAKTORDNINGANE FOR MJØLK

Med bakgrunn i *St.prp. nr. 77 (2006–2007) om jordbruksopp-gjøret – endringer i statsbudsjettet for 2007 m.m.*, Stortingets vedtak av 14. juni 2007 og LMDs vedtak av 29. juni 2007 om endringar i forskrift om prisutjamningsordninga gjorde SLF endringar i dei fraktordningane som inngår i prisutjamningsordninga for mjølk, med verknad frå 1. februar 2008.

Tilskot til frakt frå bonde til meieri er endra og baserer seg no på 40 mottaksmeieri mot tidlegare 84. Formålet med innfrakt-

SAL AV KRAFTFØR OG DEL NORSK KORN



ordninga er at ho skal gi mjølkeprodusentar moglegheiter for lik mjølkepris uavhengig av bruken av mjølka og lokaliseringa av produksjonen. Innfrakttilskot blir løyvd til meieriselskap som har eigne mjølkeleverandørar.

Frå 1. februar 2008 blei det generelle distribusjonstilskotet for flytande mjølkeprodukt til daglegvaremarknaden avvikla, mens eit distribusjonstillegg for flytande mjølkeprodukt til daglegvaremarknaden i Nord-Noreg blei ført vidare. Det blei også etablert eit distribusjonstillegg for skulemjølk.

TILSKOT OG AVGIFTER I PRISUTJAMNINGSORDNINGA FOR 2008

SLF fastset avgifter og tilskot (satsar) for dei ulike bruksområda til mjølka. Prisutjamningsordninga er ei sjølvfinansierande ordning, noko som inneber at summen avgifter som blir kravd inn, skal balanserast opp mot summen tilskot som blir betalt ut. Satsane blir fastsette mellom anna i forhold til kor mykje mjølk, fløyte og myse som ein ventar blir produsert og brukt til dei ulike produksjonane, marknadssituasjonen, dessutan tollvernet for dei aktuelle produkta.

I 2008 har satsane i prisutjamningsordninga for mjølk blitt endra to gonger. Første gongen var som nemnt over resultatet av endringar i fraktutjamninga. Det resulterte i at distribusjonsordninga for konsummjølk med unntak av Nord-Noreg blei avvikla. Dette førte med seg at store delar av tilskotet som gjekk til distribusjon av konsummjølk, blei brukt til å redusere avgiftsnivået på konsummjølk med 32 øre per liter.

I den ordinære satsfastsetjinga 1. juli 2008 blei det gjort mindre endringar i satsane, og berre vesentlege endringar for gei-

temjølkeprodukt til daglegvaremarknaden, dessutan produkt med kjernemjølke (biprodukt av smør).

TINE BA og Kraft Foods var i 2008 netto avgiftsytarar til ordninga, mens Normilk, Synnøve Finden, Q-meieriene, Lillehammer Ysteri og Rørosmeieriet var netto tilskotsmottakarar. Avgifts- og tilskotsbeløpa omfattar hovudprodukta (drikkemjølke, ost og tørrmjølke), biproduktbruk (som fløyte og myse), fraktordningar og særtilskot for uavhengige aktørar.

Den totale omsetninga i prisutjamningsordninga for mjølk i 2008 var på vel 1,6 mrd. kroner. Omsetninga i perioden 2003 til 2005 låg på vel 1,5 mrd. kroner, mens ho steig til over 1,6 mrd. kroner i 2006. I 2007 var omsetninga godt over 1,7 mrd. kroner, mens ho i 2008 fall til 1,6 mrd. kroner igjen. Grunnen til reduksjonen frå 2007 til 2008 var lågare avgiftssatsar i hovudmjølkebruken i 2008 enn i 2007. Avviklinga av distribusjonsordninga 1. februar 2008 førte til at avgiftene i dei flytande prisgruppene og biproduktgruppa for fløyte til kremfløyte blei reduserte med 32 øre per liter.

Tabellen under viser til totalomsetninga i prisutjamningsordninga for mjølk.

Total omsetnad PU 2003-2008	
Periode	Omsetnad
2003	kr 1 546 000 000
2004	kr 1 529 000 000
2005	kr 1 526 000 000
2006	kr 1 619 000 000
2007	kr 1 744 000 000
2008*)	kr 1 613 000 000

*) Tala for 2008 er enno ikkje revisorattesterte



VILKÅRA FOR KONKURRANSE I MEIERISEKTOREN

Med verknad frå 1. juli 2007 blei rammevilkåra for konkurranse i meierisektoren endra. Aktørar som ikkje er dominerande i sine produktgrupper, får ein generell korreksjon på 25 øre per liter, mens Synnøve Finden og Q-meieriene får ein mellombels korreksjon på 12 øre per liter fram til og med 30. juni 2011. Q-meieriene får eit særskilt kapitaltilskot, 1. halvår 2008 på 26 øre per liter og 2. halvår 2008 på 29 øre per liter, dessutan eit ekstra distribusjonstilskot på 60 øre per liter distribuerte mjølkeprodukt til daglegvaremarknaden. Q-meieriene og TINE får også distribusjonstilskot for skulemjølk på 17 øre per liter mjølkeprodukt. Alle tilskota blir finansierte over prisutjammingsordninga for mjølk.

Særtilskot til uavhengige meieriselskap i 2008

Generell korreksjon	kr	50 253 526
Mellombels korreksjon	kr	23 476 071
Ekstra distribusjonstilskot	kr	32 611 831
Særskilt kapitaltilskot	kr	16 685 709
Sum	kr	123 027 137

I tillegg sikrar TINE-avtalen eit administrativt og rekneskapsmessig skilje mellom TINE Råvare og TINE Industri. Dette betyr at alle aktørar blir stilte overfor same råvarepris på mjølk til foredling. Elles er det Konkurransetilsynet som fører kontroll med TINE som marknadsaktør.

ETTERKONTROLL OG ETTERREKNING AV TINE BA

Etterkontroll og etterrekning av TINE BA blei avslutta frå 1. juli 2007. Siste klagebehandling blei behandla og send over til Landbruks- og matdepartementet hausten 2008.

UTFORDRINGAR FRAMOVER

- Halde ved lag inntektsnivået og prisdifferensieringa i PU-ordninga, trass i store prisaukar i marknaden og press på importvernet


ØKOLOGISK LANDBRUK

SLF skal leggje til rette for utvikling av økologisk landbruk og omsetning av økologiske landbruksprodukt, mellom anna gjennom forvaltning av midlar som er løyvde over jordbruksavtalen.

Samla avsetning over jordbruksavtalen for 2008 til økologisk jordbruk er på 148,8 mill. kroner. Direktetilskot omfattar omleggings-, areal- og husdyrtilskot. Utviklingstiltaka er rettleiingsprosjekt, nasjonale pilotprosjekt, marknadsprosjekt, heilkjedeprojekt og oppfølging av regionale handlingsplanar i fylka. I tillegg er det ei eiga ordning med innfrakttilskot for økologisk korn. Prisnedskrivningstilskot til kornkjøparar blei auka for økologisk korn og er no 0,80 kr/kg, mens det for konvensjonelt korn er 0,26 øre/kg. For forskingsmidlar over jordbruksavtalen blei det gitt føring om prioritering av forskning på økologisk jordbruk. Det blei og øyremerkert ei kvoteramme på 4 mill. liter mjølk for sal til økologiske bruk.

Omsetningstal frå 2008 viser framleis vekst i omsetning av økologiske matvarer. Veksten i 2008 utgjorde ca. 30 prosent samanlikna med 2007. Det norske arealet av til dømes poteter og grønnsaker har auka litt, men det er likevel grunn til å rekne med at ein stor del av omsetningsauken på denne sektoren blei dekt av import, og at det enno er eit stort potensial for auka norsk økologisk produksjon. Den totale arealveksten er svak. Berre 3,9 prosent av jordbruksarealet var økologisk ved utgangen av

ØKOLOGISK: UTVIKLING I AREAL OG TAL PÅ DRIFTSEININGAR



2008, omtrent uendra frå 2007. Derimot er karensarealet aukande. Økologisk areal og karensareal utgjer til saman 5,0 prosent av jordbruksarealet.

UTVIKLINGSTILTAK

Ved jordbruksoppgjæret for 2008 blei det gitt føring om prioritering av produksjonsretta tiltak og ei forsterka satsing på rettleiing, informasjon og samarbeid retta mot økologiske kornprodusentar.

Ramma for utviklingstiltak i 2009 er på 41 mill. kroner. Av desse er 5 mill. kroner avsette til *Økolyft i kommunar* og 7 mill. kroner til fylkesmannsembeta. For vidareføring av påbegynte prosjekt og til etablering av nye har det vore ca. 29 mill. kroner til fordeling, av dei er ca. 8 mill. kroner avsette til nye prosjekt. SLF har fått inn 82 søknader om prosjektmidlar for 2009, av dei 53 nye. Det er søkt om i overkant av 67 mill. kroner.

Gjennom fleire år har SLF gitt prosjektmidlar til Norsk Landbruksrådgiving for gjennomføring av rettleiingstiltak som Gratis førsteåd (GFR) og dyrkingsgrupper. Frå 2007 blei det etablert samarbeid med TINE BA om rettleiing til mjølkeprodusentar som vurderte å leggje om til økologisk drift. Dette samarbeidet fører med seg at rådgivinga blir praktisk koordinert og får ein høgare total kvalitet for produsenten. Auka rådgivingsatsing ser no ut til å slå positivt ut, og etterspørselen etter GFR er stor. Til dømes blei det gjennomført 77 GFR Mjølke i trøndelagsfylka i 2008, noko som er eit høgt tal sett opp mot at totalt tal på leverandørar av økologisk mjølke på landsbasis som var 324 i 2008. Talet på gjennomførte GFR, utanom GFR Sau, var 388 i 2008, mot 349 i 2007.

Prosjektet *Kampanje for økologisk kornproduksjon* leidd av Bioforsk begynte allereie hausten 2008, med rettleiing og informasjon som aktivitetar for å underbygge avtalepartane si satsing på økologisk korn gjennom ekstra arealtilskot i 2010 og 2011. I prosjektet ligg også tilrettelegging for eit auka samarbeid om utveksling av gjødsel. I tillegg nemner vi heilkjedeprojektet *Fellesløft for norsk økologisk matkorn*, som er ått av Fylkesmannen i Oslo og Akershus. Prosjektet er i sitt tredje år (i 2009), og store aktørar i heile verdikjeda er med. Bioforsk leier eit tredje prosjekt som er i gang, med rettleiing og motivasjon retta mot kornprodusenten som tema. Prosjektet begynte i 2008 og er eit samarbeid mellom Bioforsk, Norsk Landbruksrådgiving og aktørane i felleslyftprosjektet som er nemnt over. Norsk Bonde- og Småbrukarlag eig prosjektet *Økt økologisk produksjon*, som er eit treårig rettleiingsprosjekt som kom i gang i 2007. Debio blei frå 2008 løyvd midlar til prosjektet *Økobonden skal lykkes*. Dette er ei oppfølging av resultatane frå Bioforsk/NILFs analyse av årsakene til at mange melder seg ut av kontrollordninga. Prosjektet blir gjennomført i samarbeid med Norsk Landbruksrådgiving og KSL Matmerk.

Av dei fylkesvise midlane, som blir løyvd som prosjektmidlar for utvikling på økologiområdet, gjekk i 2008 4,5 av 7,0 mill. kroner til rettleiingstiltak retta mot primærprodusenten.

SLF fekk i 2007 sekretariatsansvar for det toårige samarbeidsprosjektet mellom Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) og LMD, *Økolyft i kommunar*. Regjeringa vil bruke 20 mill. kroner fordelt over to år til å auke produksjon og forbruk av økologisk mat i kommunar. Valet av kommunar skjedd gjennom ein søknadsprosess i to trinn der andre trinn blei slutført juni 2008. Det



blei etablert 31 Økolyft-prosjekt, med i alt 52 kommunar som deltakarar. Prosjekta har god regional fordeling, og alle fylke med unntak av Vest-Agder og Finnmark har eitt eller fleire prosjekt. Ettersom kunngjering av utvalde prosjekt skjedde rett før sommarferien, blei prosjektstart for fleire av prosjekta noko seinare enn planlagt, og prosjektperioden for Økolyft vil i praksis bli 2009 og 2010.

DIREKTETILSKOT TIL PRODUSENTAR

89,4 mill. kroner var avsette til omleggings-, areal- og husdyrtilskot i 2008. Dette er lågare enn i 2007, men det kjem av at 2008 var eit overgangsår til ny ordning for omleggingstilskot. I jordbruksoppgjeret for 2008 blei fleire av tilskotssatsane auka slik at samla avsetning til direktetilskot også vil auke vesentleg på lengre sikt. For 2008 blei mellom anna arealtilskotet til grønsaker, frukt og bær auka frå 250 kr/daa til 1000 kr/daa.

PREMIERINGSORDNINGA FOR ØKOLOGISK KJØTT

Ordninga med premiering knytt til sal av norskprodusert økologisk kjøtt skal bidra til at det kjøttet som blir produsert økologisk, når fram til forbrukaren som slik vare. I 2008 blei det utbetalt 2,24 mill. kroner gjennom ordninga, ein auke frå ca. 1,5 mill. kroner i 2007.

SLF vurderte effekten av premieringsordninga i 2008, og det blei gjort endringar i ordninga i jordbruksforhandlingane same år. Ordninga er no gjord tidsavgrensa, slik at dei som allereie var inne i ordninga i 2008 maksimalt kan få støtte ut 2010, mens nye aktørar kan få støtte i tre år. Tilskotet gjeld per kjøttslag.

REGISTRERINGAR OG STATISTIKK

SLF utarbeider på oppdrag frå LMD to årlege rapporteringar med opplysningar om kva som er produsert og omsett av økologiske landbruksvarer. Dataa omfattar hovudsakleg den delen av norsk produksjon som blir omsett gjennom dei store marknadsaktørane. Rapport for 1. halvår 2008 blei publisert i september. SLFs rapport med statistikk for heile 2008 vil bli lagd fram i mars 2009.

MØTEARENA FOR ØKOLOGISK PRODUKSJON OG FORBRUK

Møtearena for økologisk produksjon og forbruk skal gi råd og innspel overfor LMD og andre avgjerdstakarar og aktørar som arbeider for målsetjinga om at 15 prosent av matproduksjonen og matforbruket skal vere økologisk i 2015. Arenaen er sett saman med representasjon frå styresmakter, verkemiddelapparat, næringsorganisasjonar og sentrale verdikjedeaktørar. SLF har sekretariatsfunksjonen og ansvar for å leie arenaen.

Som eit eige oppdrag fekk møtearenaen ansvar for å utarbeide forslag til handlingsplan for økologisk landbruk på LMDs område. Forslaget til handlingsplan blei overlevert i februar. Grunnlaget er LMDs strategi for næringsutvikling, *Ta landet i bruk!* Med utgangspunkt i forslaget ligg no føre LMDs handlingsplan for å nå målet om 15 prosent økologisk produksjon og forbruk i 2015. *Økonomisk, agronomisk – økologisk!* Utover forslaget til handlingsplan har møtearenaen også gitt innspel i samband med jordbruksoppgjeret 2008. Fleire av innspela var innholdsmessig i samsvar med verkemiddelvurderinga frå SLF. Mange av innspela

blei tekne omsyn til, mellom anna tiltak for å stimulere til auka økologisk korndyrking, auka tilskot til økologisk kjøttproduksjon og eiga kvoteramme for økologisk mjølk osv.

UTFORDRINGAR FRAMOVER

- Nå målet om 15 prosent økologisk produksjon og forbruk i 2015
- Arbeide med å gjennomføre LMDs handlingsplan *Økonomi, agronomi – økologi!*
- Hovudutfordringa i 2009 er tiltak som kan medverke til auka norsk primærproduksjon av økologisk mat

FORSKING

Styrene for Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt (FFL) og for Forskingsmidlar over jordbruksavtalen (JA) er samordna for å sikre ei einsarta og effektiv forvaltning av dei samla forskingsmidlane innanfor landbrukssektoren. Det er etablert eit tett samarbeid med Noregs forskingsråd (NFR).

Frå 2004 har FFL og JA hatt felles utlysingar av forskingsmidlar med program i NFR. I 2008 var det ein kombinasjon av fellesutlysing med program i NFR og separatutlysing av eigne midlar innanfor mat- og miljøområdet. Samarbeidet med NFR skal gjere det enklare å sjå den totale bruken av midlar i samanheng, dessutan å forenkle og effektivisere administrasjonen av dei. Samarbeidet fungerer godt. I 2008 har FFL samla utbetalt 125 mill. kroner til forskning. FFL har også delansvar for å sikre finansieringa av Nofima (tidl. Matforsk). I 2008 utgjorde denne løyvinga 62 mill. kroner. Styret for JA har løyvd 43,7 mill. kroner til forskingsprosjekt i 2008.

Årlege utbetalte midlar til forskning frå FFL har auka monaleg dei siste åra. Auken i utbetalte midlar frå 2007 til 2008 er på 7,2 prosent. Utbetalte midlar har i 2008 vore større enn inntektene. Denne bruken av fondsmidlar er ein bevisst strategi for å byggje ned fondskapitalen og for å få midlane over i aktiv forskning. Bruken av årleg utbetalte prosjektmidlar over jordbruksavtalen har auka med 10 prosent frå 2007 til 2008.

FORSKINGSBEHOVET INNANFOR KLIMAGASSAR OG BIOENERGI

I 2007 laga Universitetet for miljø- og biovitskap ein rapport om kunnskapsstatus og forskingsbehov innanfor klimagassar og bioenergi frå landbruket på bestilling frå Forskingsrådet og FFL og JA. Rapporten skulle gi grunnlag for ei meir effektiv og treffsikker prioritering av forskingsbehov på området. FFL i samarbeid med JA hadde klimatilpassingar som eitt av fem prioriterte

område for utlysinga av midlar i 2008. Fem prosjekt der temaet heilt eller delvis dreidde seg om klimaspørsmål, blei stetta med eit samla bidrag frå FFL på nærare 25 mill. kroner. I tillegg hadde Forskingsrådet ei eiga utlysing på klima og på bioenergi. Samarbeidet med Forskingsrådet gjorde det mogleg å sjå desse utlysingane i samanheng. I tillegg til forskingsmidlar er det etablert eit nasjonalt utviklingsprogram for klimatiltak. Les meir om dette under resultatområdet ressurs, skogbruk og areal.

INN PÅ TUNET-TENESTER PRIORITERT FORSKINGSOMRÅDE

Med bakgrunn i handlingsplan for *Inn på tunet* (LMD 2007) blei det i 2008 løyvd midlar til ein kunnskapsstatus og ei kartlegging av forskingsbehov innanfor *Inn på tunet*-tenester. Forsking innanfor *Inn på tunet*-tenester inngår i eit av dei prioriterte områda i LMDs strategi for forskning og forskingsbasert innovasjon. Universitetet for miljø- og biovitskap fekk ansvar for å utarbeide rapporten som skulle gi grunnlag for prioritering av forskningstema og oppbygging av ny kunnskap på området. Arbeidet blei finansiert av Innovasjon Noreg, Noregs forskingsråd, NAV og JA. Hausten 2008 løyvde JA midlar til eit utgreiingsprosjekt i regi av Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) på bakgrunn av kunnskapsstatusen. Rapporten vil også inngå i grunnlaget for utlysinga av forskings- og utgreiingsprosjekt i 2009.

Oversikt over nye og pågåande forskingsprosjekt finst i årsmeldinga for Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt, sjå SLFs nettstad.



Handel og industri

På resultatområdet handel og industri skal SLF bidra til å sikre eit godt fungerande importvern og oppfylging av internasjonale rettar og forpliktingar. Dei viktigaste ansvarsområda er importvernet for landbruksvarer gjennom tolladministrering og tollkvotar, ordninga med råvarepriskompensasjon, ordninga for utanlands tilarbeiding og eksportstøtteordningar. Marknadsovervaking og innhenting av norske og utanlandske prisar er også sentralt i dette arbeidet.

VERDSMARKNADEN ER USTYRLEG

Som 2007 slutta, slik begynte 2008: med vidare auke i verdsmarknadsprisane på dei fleste jordbruksråvarene. Korn, oljefrø og meierivarer hadde sterkast prisauke. Marknaden nådde ein pristopp omtrent samtidig med at verdsleiarane møttest i juni for å diskutere matvarekrise som oppsto i kjølvatnet av dei høge prisane. I løpet av andre halvår fall prisane tilbake til eit meir «normalt» leie, og seint på hausten begynte prisane å stabilisere seg like over det nivået dei var på i 2007, før oppgangen begynte.

PRISANE STEIG ...

Ei årsak til prisauke er å finne i at jordbruksavlingar fleire stader i verda blei reduserte av klimatiske forhold året før.

Befolkninga i Sørøst-Asia har dei siste åra fått betre levestandard og endra kosthaldet bort frå den tradisjonelle risen og over på meir kveite og brød. Dette har gitt seg utslag i større etterspørsel etter kjøtt og kveite.

Australia blei igjen ramma av tørke, og produksjonen i EU var lågare enn normalt i 2007.

Kveitelagra var i 2007 rekordlåge. Dermed var det heller ikkje mogleg å kompensere for auken i etterspørselen ved å frigjere lagringskveite til forbruk.

Internasjonalt førte prisstiginga til at fleire land innførte eksportavgifter for å behalde mest mogleg av landbruksproduksjonen i dei nasjonale marknadene, og dermed dempe prisveksten nasjonalt. Dette leidde til eit endå større prisdriv i den internasjonale marknaden. I enkelte utviklingsland leidde høge matprisar til sosial uro og opptøyar.


Som følge av rekordhøg oljepris steig fraktprisane betydeleg, og gav ein ytterlegare auke til allereie høge råvareprisar. Auken i oljeprisen medverka til at gjødsel- og kraftfôrprisane auka, og dermed blei det betydelege meirutgifter i landbruket. Dette fekk også innverknad på jordbruksforhandlingane i mai.

Alt dette skjedde på same tid i sesongen 2007–2008 og resulterte i at dei internasjonale prisane på fleire råvarer nærma seg det forholdsvis høge prisnivået på råvarer her i landet.

... OG PRISANE FALL

På våren begynte prisane på verdsmarknaden å stabilisere seg. Meldingar om at det mellom anna ville bli sådd større areal i 2008, og at EU fjerna støtta til å leggje brakk jordbruksland, medverka til at den dramatiske prisveksten stagnerne.

PRISAR PÅ MATKVEITE



Utover sommaren og hausten blei det meldt om ein betydeleg avlingsauke i forhold til året før. For svartehavsregionen, Canada og EU rekna ein med 15 prosent auke i produksjonen. I tillegg blei det sådd meir kveite i verda, på kostnad av mais. Dette kom ikkje berre av at styresmaktene oppfordra til større produksjon, men også av at den høge prisen fekk mange produsentar til å auke kornareala og satse meir på kveite.

Som følge av større produksjon er dei globale lagra styrkte med om lag 30 mill. tonn kveite, samanlikna med inngangen til sesongen. Likevel er lagerbeholdningane enno på eit historisk lågt nivå.

Politisk står satsingane på biodrivstoff i hovudsak fast. Men manglande implementering av politikken i EU, kombinert med redusert lønnsemd i bruken av biodrivstoff som følge av lågare oljepris, reduserte produksjonen og dermed prisfallet noko. Kunstgjødselprisane fall også kraftig på verdsmarknaden hausten 2008, men var enno høge ved årsskiftet.

Gjennom våren og sommaren hadde SLF administrert ned tollsatsane for fleire jordbruksråvarer i takt med prisstiging på verdsmarknaden. Utover hausten blei det betre marknadsdekning for viktige norske produkt, og det var ikkje lenger behov for tolladministrering.

MARKNADSUTSIKTENE FRAMOVER

Vi skal enno vere forsiktige med å trekkje for bastante konklusjonar om årsakene til både prisstiging og prisfall. Forklaringar kan søkjast både i det makroøkonomiske biletet og i tilbods- og etterspørselsforhold innanfor kvar enkelt varegruppe.

Prisutviklinga på landbruksvarer hadde på mange måtar tilsvarende utvikling som olje, metall og mange andre varer. Urolige marknader for andre typar råvarer gjorde at investorar sette pengane sine i jordbruksråvarer, og dermed bidrog til prisauken. Desse investeringane auka før finanskrisa, og gjorde at den etter kvart globale nedgangen i etterspørselen medverka til å trekkje prisane på landbruksvarer ned. Det store prisfallet i andre halvår av 2008 kan derfor ikkje berre forklarast med endringar på etterspørsels- eller tilbodsida i til dømes kornmarknaden, sjølv om dette sjølv sagt har relevans.

Klimapolitikk har, saman med ønsket om ei meir oljeuavhengig energiforsyning, dei seinare åra gitt betydelege satsingar på biodrivstoff produsert på raps, soya, mais og sukkerrøyr både i USA, Brasil og EU. Mange meiner at etterspørselen etter biodrivstoff var ei viktig årsak til prisstiging, fordi jordbruksprodukt dermed blei brukte til drivstoff framfor mat.

Vi går inn i 2009 med ei oppleving av større uvisse i dei fleste marknader for jordbruksråvarer. For å redusere risiko er det derfor sannsynleg at aktørar i fleire ledd i verdikjeda vil prøve å sikre seg mot tap ved å slutte kontraktar om ein på førehand avtalt pris ved kjøp eller sal av jordbruksråvarer. Kjøparen vil då prøve å selje denne avtalen vidare.

Slår denne spådommen til, vil råvaremarknadene heller bli meir utsette for svingingar i verdsøkonomien enn mindre. Vidare tilseier auka biodrivstoffproduksjon også auka kopling mellom oljepris og prisen på jordbruksråvarer.



I lys av at verdsbefolkninga stadig veks, vil etterspørselen etter mat også auke. Vidare er det sannsynleg at den politiske satsinga på biodrivstoff vil bli ført vidare. Inntil ein begynner å ta i bruk trevirke som biodrivstoff, vil dette auke etterspørselen etter til dømes soya og mais. Finanskrisa har redusert velstanden mange stader i verda. Dette kan nok i nokon grad redusere etterspørselen etter kjøtt og mjølkeprodukt, men dei fleste prognosar tyder ikkje på noko betydeleg fall. Produksjonsforventninga for 2009 tilseier avlingar for dei fleste produksjonar på linje med 2008 eller litt større.

Samla sett kan vi gå ut frå at vi vil sjå ein marknad med betydelege prissvingingar også i 2009.

STYRKT MARKNADSOVERVAKING

Dei store svingingane på verdsmarknaden gjorde det viktig å finne pålitelege og effektive kjelder til prisinformasjon, og å formidle dette vidare på ein god måte. SLF gjekk derfor gjennom priskjeldene sine, og slutta mellom anna ein avtale med ein internasjonal leverandør av oppdaterte prisdata. NILF (Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning), som mellom anna utfører oppgåver knytte til matprisar, var også ein samarbeidspartnar på dette området. Mot slutten av året opna SLF eigne nettsider som viser månadleg utvikling av verdsmarknadsprisane på kjøtt-, meieri- og kornprodukt. Denne informasjonen vil bli utvikla vidare for å gi endå betre informasjon omkring prisutviklinga på verdsmarknaden.

NORSK MARKNAD

Samtidig med at høge råvareprisar internasjonalt nærma seg eit norsk prisleie, oppstod eit underskot på norskprodusert kjøtt. Det skjedde trass i at produksjonen av landbruksvarer i norsk

jordbruk og næringsmiddelindustri aldri har vore så høg som no. Dette blei tilskriva at nordmenn et stadig meir kjøtt.

For varer som er omfatta av målprissystemet, kan tollene setjast ned for å forhindre at gjennomsnittleg marknadspris gjennom året overstig målpris. Tollene blir normalt sett ned til eit nivå som gir importvare til ein pris lik målpris.

For å møte det auka kjøttbehovet innanlands blei det opna for import av storfe-, svine- og småfekjøtt til låg toll i 2007. I 2008 var det likevel ikkje behov for tollreduksjonar for svinekjøtt, og for storfe- og småfekjøtt blei administreringa av tollsatsane avslutta i høvesvis september og april.

Høge verdsmarknadsprisar fall saman med eit underskot i den norske kjøttmarknaden. Samtidig bidrog jordbruksoppgjere til høge marknadsprisar her i landet. Prisuttaket blei over målpris for alle kjøttslag.

Det var prisauke på ein del varer som blir importerte utan toll. Likevel blei prisauken i Noreg liten samanlikna med den historiske prisauken på sentrale jordbruksvarer på verdsmarknaden. Gjennom tollvernet på varer som blir produserte på den norske marknaden, blei norske forbrukarar i stor grad skjerma mot dei store prisaukane.

Både produksjon og etterspørsel etter kvitt kjøtt har hatt ein formidabel auke dei siste åra. Den kraftige veksten frå seinare år såg

Målprisen er den prisen ein forventar å kunne ta ut i ein balansert marknad. Målprisen blir fastsett i jordbruksforhandlingane, og gjeld for eitt år om gongen. Målprisen er maksimalprisen som marknadsregulatorane (samvirkeorganisasjonane) har ansvaret for å ta ut i marknaden i løpet av avtaleåret. Vi har i dag målpris for mjølk, svinekjøtt, sau og lam, storfekjøtt, korn, egg og fleire frukt og grønnsaker.

ut til å minke litt, men auka likevel med 18 prosent i forhold til 2007. Det førte til eit overskot av fjørfekjøtt ved slutten av året.

GODE NORSKE AVLINGAR

Kornhausten 2008 verka svært bra i Noreg, med rekordhøge avlingar, spesielt i Trøndelag. Men det blei ein fuktig haust, og etter kvart som kornet blei treskt, viste det seg at kvaliteten var langt dårlegare enn det sommaren gav forventningar om. Dette leidde til at SLF om hausten måtte gi ekstraordinære kvotar på import av matkorn, mens mykje av den norske kveiten blei brukt til fôr. Samtidig som vi hadde høge verdsmarknadsprisar på korn, fekk vi for første gong ein situasjon der tollsatsen for alle kornslag og alle andre tollpliktige råvarer til kraftfôr blei sett til null.

Vekstsesongen gav gode avlingar av både grønnsaker og frukt, og ved årsskiftet 2008–2009 var lagra over det som er normalt for poteter og dei fleste grønnsakslaga. Eplesesongen var også betre enn normalt, både når det gjaldt kvalitet og volum. Norske eple var å få heilt fram til jul. Hausten var prega av god tilgang, god kvalitet og stabile prisar både på norske grønnsaker og norsk frukt.

Året under eitt var prega av høge prisuttak, der marknadsprisane låg over målpris eller referansepris for dei fleste produksjonar.

IMPORT OG TOLLADMINISTRERING

SLF fekk inn nær 3500 søknader om individuelle og generelle tollreduksjonar i 2008.

Tollvernet skal, som verkemiddel i landbrukspolitikken, gi avsetningsmoglegheiter for norskproduserte varer til konkurranse-dyktige prisar. Høge importprisar i ein uroleg marknad med kontinuerleg behov for nødvendig import til redusert toll gir store utfordringar. Importprisar på nødvendig import vil då i periodar kunne avvike meir frå norsk målpris enn normalt.

Det store fallet i verdsmarknadsprisane siste halvår av 2008 gav saman med ein auke av dei norske målprisane etter jordbruksavtalen for 2008–2009 også spesielle utfordringar for norsk næringsmiddelindustri i forhold til konkurransen frå import. Ge-

nerelle tollreduksjonar blir utløyste ved høge noteringsprisar til produsent. Første del av 2008 var prega av den dårlege vekstsesongen for frukt og grønt i 2007, som førte til omfattande tollreduksjonar for mange varer i lengre periodar. Vekstsesongen i 2008 gav derimot gode avlingar, og hausten var derfor prega av lite administrering av tollsatsane.

I ettertid kan ein seie at dei store internasjonale prissvingingane i liten grad påverka den norske matvaremarknaden. Dette har mellom anna årsak i marknadsreguleringa, det norske prissystemet og importvernet. For varer med låg eller ingen toll var det likevel ein viss prisauke.

TOLLKVOTAR

Innanfor ramma av importvernet fordeler SLF importkvotar med reduserte tollsatsar.

Sidan 2000 har SLF fordelt tollkvotar via nettauksjonar. Dette gir ei konkurransenøytral og effektiv fordeling fordi alle auksjonsdeltakarane har like stor moglegheit til å sikre seg attraktive importkvotar til låg eller ingen toll.

I 2008 var det 62 kvotar til fordeling, av dei blei dei fleste fordelte ved auksjon.

Til dei 93 auksjonane som blei gjennomførte over ni dagar i 2008, blei 130 føretak godkjende for bodgiving. For nokre varer som ikkje blei selde på første auksjon, blei det halde restauksjonar. Totalt sett blei auksjonsinntektene vesentleg lågare i 2008 enn før. Resultatet blei 57 mill. kroner i 2008 mot 113 mill. kroner i 2007.

Dette kjem først og fremst av at enkelte auksjonsdeltakarar utnytta dei moglegheitene som ligg i å delta med fleire firma. For storfekjøttkvoten gjorde det at auksjonsbeløp for 25 prosent av kvotekvantumet ikkje blei innbetalt og må leggast ut for ny auksjon i 2009. (Auksjonsprovenyet for storfekjøtt var 35 mill. kroner lågare i 2008 enn i 2009.) Omlegginga av kvoteforskrifta har dessutan redusert trykket på viltkjøttkvoten i og med at ein større del no kan takast inn som hjortekjøtt. Med ei tidlegare grense på 25 tonn for hjortekjøttkvoten blei prisen svært høg.



Endringar i forskrift om fordeling av tollkvotar har leidd til endringar i auksjonsløyisinga. Dei viktigaste endringane i den nye forskrifta er at det er innført ein «buffer»-periode på 30 minutt før kvar auksjon. I tillegg har SLF fått høve til å stanse, utsetje og annullere auksjonar.

Det er etablert eit samarbeid med Konkurransetilsynet for å sikre at gjennomføringa av auksjonane og måten aktørane opptre på, er i samsvar med formålet i konkurranselova. Dette samarbeidet blei styrkt i 2008.

IMPORT AV LANDBRUKSVARER

Det er viktig for SLF å tilby brukarane effektive og framtidretta løyisingar for kommunikasjon og behandling av søknader. Hausten 2008 blei det elektroniske søknadssystemet *Import av landbruksvarer* sett i drift. Det inneber først og fremst ei effektivisering av behandlinga av importsøknader ved at importørar søker og får svar elektronisk. Systemet gir ein betydeleg gevinst for næringslivet i form av spart tid, full oversikt over status på søknader, og nettbasert berekning av tollsatsar.

Løyisinga inneber auka brukarretting og betre service, samtidig som ressursar blir frigjorde til betre kvalitet i saksbehandlinga. Dessutan vil kontrollaktiviteten auke.

SLF får kvart år inn nær 12 000 importsøknader (RÅK-tollmeldingar og individuelle tollreduksjonar). Målet er at desse skal sendast inn elektronisk.

Gjennom dei få månadene systemet har vore i bruk i 2008, er 109 bedrifter registrerte med nærare 2000 søknader. Ei viktig

oppgåve framover vil vere å få så mange som mogleg til å ta i bruk systemet. Dette vil effektivisere arbeidet for importsøklarar, frigi ressursar til betre søknadsbehandling og dermed ta ut den potensielle gevinsten som ligg i eit elektronisk søknadssystem.

RÅK-ORDNINGA

IMPORT AV RÅK-PRODUKT

I 2008 blei det importert 341 409 tonn RÅK-varer til mat til ein verdi av drygt 7 mrd. kroner. Dette er ein auke på høvesvis 4,3 prosent i kvantum og 11,2 prosent i verdi, samanlikna med 2007. Brød er den største gruppa, med ein importverdi på 0,6 mrd. kroner, og eit kvantum på nær 43 000 tonn. Brød er også ei av varene med størst importauke i 2008. Andre RÅK-varer med høg import er sukkervarer, sjokolade og sausar.


SLF har i 2008 behandla 8444 tollmeldingar for RÅK-varer, og totalt inneheld SLFs database nær 49 000 varer.

EKSPORT AV RÅK-PRODUKT

Eksporten av RÅK-varer i 2008 var nær 50 000 tonn. Dette er 7 prosent lågare enn i 2007 og 32 prosent lågare enn i 2006. Verdien på eksportvarene gjekk likevel opp med 9 prosent frå 2007 til 2008.

Utbetalingane til eksportstøtte innanfor RÅK-ordninga var på 25,6 mill. kroner i 2008, mot 32,6 mill. kroner i 2007. Det var 21 bedrifter som nytta ordninga i 2008, det same som året før. Dei største varegruppene som blir eksporterte, er sukkervarer, sjokolade, bakverk, iskrem og sausar.

RÅK-IMPORT



PRISNEDSKRIVINGSTILSKOT INNANFOR RÅK-ORDNINGA

I 2008 blei det samla utbetalt 97 mill. kroner i prisnedskrivning. Tilsvarande var utbetalingane 133,2 mill. kroner i 2007 og 151,1 mill. kroner i 2006. Talet på søkjarar til ordninga er gått ned til 31 frå 35 i 2006 og 33 i 2007. Reduksjonen i utbetalt beløp kjem av reduserte prisnedskrivingssatsar. Pizza er den største vara i ordninga, følgd av sjokolade og iskrem. Til saman blei det gitt 67 mill. kroner i prisnedskrivningstilskot for desse varene.

Dei høge internasjonale råvareprisane som prega første halvår av 2008, medverka isolert sett til ein betra konkurransesituasjon for den delen av næringsmiddelindustrien som er utsett for konkurranse frå import. Prissituasjonen leidde vidare til at kompensasjonsbehov og nivå på tilskotssatsane i RÅK-ordninga har vore på eit lågare nivå i 2008 enn tidlegare år.

Ordinga med råvarepriskompensasjon (RÅK-ordninga) skal leggje til rette for frihandel med industrielt tilarbeidde jordbruksvarer samtidig som ein skjermar handel med råvarer.

Verkemidla skal jamne ut forskjellar i råvarekostnader mellom norske og importerte næringsmiddel som blir omsette i Noreg, og gjere norske eksportprodukt innanfor ordninga konkurransedyktige på verdsmarknaden.

I andre halvår var situasjonen omvendt. Jordbruksavtalen 2008 resulterte i ein vesentleg auke i norske råvareprisar i løpet av hausten 2008. Samtidig gjekk dei internasjonale råvareprisane tilbake til eit meir normalt nivå. Til saman medverka dette til større forskjellar mellom norske og internasjonale råvareprisar, som igjen gav ein svekt konkurransesituasjon for konkurranseutsett industri. Som følgje av dette auka kompensasjonsbehovet i RÅK-ordninga. Det er derfor grunn til å gå ut frå at det blir vesentleg større utbetalingar i tilskota som er omfatta av RÅK-ordninga i 2009 enn i 2008.

KONSERVESORDNINGA

Talet på konserverbedrifter som er med i konserverordninga er stabilt. Konserverordninga omfattar bær, grønsaker og epleaft/konsentrat.

Konserverordninga skal stimulere til innanlands produksjon av råvarer til konserverindustrien (til dømes saft- og syltetøyproduksjon). Innanfor denne målsetjinga skal industrien sikrast nødvendig supplement av importert råvare, til lågast mogleg toll.

Produksjonen av grønsaker som blei leverte til konserverindustrien var større i 2008 enn nokon gong før. Fram til 2008 har det også vore ein auke i produksjonen av bær. I 2008 var likevel



leveransane av raude bær til industrien lågare enn behovet. Dette kjem i stor grad av at bær som var berekna på industri, blei omsette i konsum-marknaden, som har eit vesentleg høgare prisnivå. For kvoteåret 2008–2009 er det derfor større sprik enn forventa mellom norsk produksjon av bær til industri og tollfri kvote.

På oppdrag frå partane kom SLF før jordbruksoppgjæret 2008 med ei vurdering av potensialet for norsk epleproduksjon til ein stadig aukande marknad for eplejuice. SLFs vurdering viste at etterspørselen i marknaden etter norsk vare er aukande. Dette gjeld spesielt ferskpressa juice. Som følge av SLFs arbeid sette partane i jordbruksoppgjæret ned eit utval samansett av produsentar og industri, leidd av Norges Bondelag. Utvalet har i oppgåve å ta for seg marknadsmessige forhold, økonomi og interesse for denne produksjonsforma blant produsentar og industri. Utvalet skal også vurdere moglege støtteordningar, utvikling av plantemateriale og kapasitetsbehov i presseri.

I tillegg fekk SLF i oppdrag å vurdere innretninga på konserverordninga med tanke på auka bruk av norske eple i produksjonen av eplejuice/saft.

UTANLANDS TILARBEIDING

1. juli 2007 tredde det i kraft ei ny forskrift om tollreduksjonar for landbruksvarer som blir importerte att etter å ha vore tilarbeidde i utlandet. I 2008 har SLF begynt arbeidet med å etablere ein kontrollpraksis overfor aktørar som er med i ordninga. Sidan ordninga også involverer Tollvesenet, har SLF hatt møte og teke initiativ som inkluderer ein møteserie med dei ulike tollstadene. Dette arbeidet blir ført vidare i 2009.

REGELVERK

NY FORSKRIFT OM RÅVAREPRISUTJAMNING

SLF har i samarbeid med LMD laga ei ny forskrift om råvareprisutjamning for tilarbeidde jordbruksråvarer. Forskrifta erstattar fire forskrifter og medverkar til å forenkle og samle regelverket for ordningane på området. Den nye forskrifta inneheld administrative endringar som inneber større grad av likebehandling og auka kvalitet på SLFs kontrollarbeid. Forskriftsforslaget er ved årsskiftet sendt ut på høyring.

NY TOLLKVOTEFORSKRIFT

SLF har i samarbeid med LMD laga ei ny forskrift om fordeling av tollkvotar for landbruksvarer. Den nye forskrifta inneber ikkje store innhaldsmessige endringar i forhold til den tidlegare forskrifta. Departementet har likevel funne det formålstenleg å fastsetje ei ny forskrift fordi det er gjort til dels omfattande endringar av meir redaksjonell og strukturell karakter. Den nye forskrifta har i hovudsak leidd til endringar i fordelinga for is-salat, ostekvoten og viltkvotane.



INTERNASJONALE FORPLIKTINGAR OG SAMARBEID

WTO

SLF har teke del med analysar og vurderingar i den såkalla Doha-runden i WTO-forhandlingane (Verdshandelsorganisasjonen). I juli blei det eit førebels brot i forhandlingane etter at ein var nær ei løysing. Forhandlingane stranda mellom anna på manglande semje om ei ordning for å verne landbruket i u-landa. I desember blei det presentert reviderte tekstar på fleire område utan at det resulterte i nye forhandlingsmøte.

EU / ART. 19

I samsvar med særavtalen artikkel 19 skal EU og Noreg søkje å fremje handelen med basis i landbruksvarer (mjølk, kjøtt, frukt, grønnsaker osv.). Førre artikkel 19-avtale blei sett i verk 1. juli 2003. Ein ny runde med artikkel 19-forhandlingar mellom EU og Noreg begynte igjen i 2006. Det blei halde fleire møte i 2008 der SLF har vore med. Frå norsk side blir artikkel 19-forhandlingane sette i samanheng med WTO. Nye møte vil finne stad i 2009.

FRIHANDELSAVTALAR

SLF har saman med LMD teke del i frihandelsforhandlingar med mellom anna Peru, Colombia, Gulf Cooperation Council, Algerie, India og Kina. Med unntak av forhandlingane med Kina er alle forhandlingane gjorde saman med andre EFTA-land.

GSP/MUL

Den norske ordninga for redusert toll frå utviklingsland (Generalized System of Preferences – GSP) skal mellom anna gjennom

tollpreferansar og betra marknadstilgang leggje til rette for at utviklingslanda får ein større del av eksporten av landbruksvarer til Noreg.

I 2008 blei ordninga utvida frå å omfatte 50 til 64 utviklingsland. Samtidig blei det etablert ein generell tryggleiksmekanisme ved import av landbruksvarer frå utviklingsland. Tryggleiksmekanismen er etablert i samsvar med WTO-avtalen. Formålet med ordninga er å unngå innanlandsk marknadsforstyrring, eller fare for slik forstyrring, med årsak i preferansetoll (låg eller ingen toll) ved import av landbruksvarer frå utviklingsland. Samtidig skal målsetjinga i GSP-ordninga om å leggje til rette for større import frå utviklingsland sikrast. Tryggleiksmekanismen skal brukast berre dersom det kan påvisast ein årsakssamheng mellom marknadsforstyrringa og import frå utviklingsland. SLF har ansvaret for å observere at importen ikkje skaper forstyringar i den innanlandske marknaden for landbruksvarer. Observasjonen skal skje på grunnlag av importstatistikk frå TVINN-databasen til tollmyndigheitene.

IGC

SLF har tilsyn med Noregs medlemskap i International Grains Council (IGC). Medlemskap i IGC ligg på myndighetsnivå, med møte to gonger i året. Formålet til organisasjonen er mellom anna å følgje utviklinga i den internasjonale kornmarknaden og dei politiske verkemidla i medlemslanda med tanke på den verdien dei måtte ha for denne marknaden. Det skjer gjennom innsamling og analysar av data knytte til den internasjonale kornmarknaden, og faktorar som påverkar denne. Møta i 2008 var prega av dei galleoperande verdsmarknadsprisane og det påfølgjande prisfallet.

ANNA

BRASIL-PROSJEKTET

Rammevilkåra for norsk landbruk og matindustri er i aukande grad påverka av internasjonale forhold. Brasil er ein av dei største produsentane og eksportørane av ei rad landbruksvarer. Storparten av norsk soyaimport kjem derfrå, og SLF har krevjande forvaltningsoppgåver knytte til denne. For å auke kompetansen om Brasils landbruk, med søkjelys på soyaproduksjon, blei det derfor arrangert ein studietur dit i oktober 2008. Ein rapport frå studieturen er produsert.

MAT OG INDUSTRI

Mat og industri er ein årleg konjunkturrapport som blir utgitt av NILF. Oppdragsgivarar er myndigheiter og ulike næringsorganisasjonar innanfor matområdet. Rapporten beskriv status og utvikling på sentrale område for matindustrien, mellom dei omfang, økonomiske nøkkeltal, rammevilkår, marknadsutvikling og konkurranseevne.

Oppdragsgivarar i 2008 var SLF, NHO Mat og Drikke, Norsk Nærings- og Nytelsesmiddelarbeiderforbund, Norsk Landbrukssamvirke, Kjøttindustriens Fellesforening og Innovasjon Noreg.

SLF er med på rapporten både økonomisk, ved representasjon i styringsgruppa og ved levering av temaartiklar. I 2008 leverte SLF ein temaartikkel om nytt regelverk for utanlands tilarbeiding av landbruksvarer. I tillegg medverka SLF i utarbeidinga av ein større artikkel om effekten for norske matprisar av dei auka råvareprisane på verdsmarknaden.

SAMARBEID MED TOLLVESENET

Tollvesenet har en sentral rolle i forhold til utviklingen av rammeverket for det norske importvernet for landbruksvarer. SLF har også i 2008 lagt stor vekt på å opprettholde de gode samarbeidet med Tollvesenet. Både i forhold til kontroll, klassifisering og datautveksling har samarbeidet utviklet seg svært positivt.

UTFORDRINGAR FRAMOVER

Innføringa av eit elektronisk importsystem representerer eit viktig effektiviseringstiltak for importørar av landbruksvarer. Den nye løysinga forenkler søknader om import, saksbehandlinga og informasjonen for den enkelte importør. For å oppnå ein god gevinst er det avgjerande at brukartalet aukar. Synleggjering av systemet overfor importørane vil derfor vere av stor verdi. Å gjere fleire importordningar tilgjengelege elektronisk vil ikkje berre effektivisere import av landbruksvarer ytterlegare, men også gi fleire potensielle brukarar. Eit tredje moment ved innføringa av det elektroniske importsystemet er å etablere eit system for betre kontroll av importsøknader og råvaredeklarasjonar. Ressursar som blir frigitte frå manuelle arbeidsoppgåver, vil vere sentrale i eit slikt betra kontrollsystem.

Fallande råvareprisar mot slutten året påverka konkurransesituasjonen for næringsmiddelindustrien. Særleg gjaldt dette RÅK-industrien, som er spesielt utsett for importkonkurranse. Framover blir det viktig å følge konkurransesituasjonen på dette området nøye for å sikre at industrien har konkurransedyktige vilkår.

Forvaltninga av importvernet baserer seg mellom anna på både internasjonale og norske prisar på jordbruksråvarer. Store svingingar i dei internasjonale prisane, slik vi har sett det siste året, gir større behov for observasjon og oppfølging både ute og heime. Å finne dei til kvar tid mest effektive og pålitelege priskjeldene er derfor eit viktig innsatsområde framover. Det vil også vere viktig å vidareutvikle arbeidet med å presentere internasjonale prisar på jordbruksråvarer på SLFs nettsider.





Administrasjon

På resultatområdet administrasjon har SLF oppgaver knytte til organisasjonsutvikling, personalforvaltning og økonomistyring, dessutan informasjon og kommunikasjon, dokumentasjon, IKT og drift. Dette skal bidra til ei velfungerande verksemd som utnyttar ressursane sine på ein effektiv måte, og som gjennom forvaltning og rådgiving sikrar brukarane effektive tenester.

Resultatområdet har ansvar for stabs- og støttefunksjonar og skal vere ein pådrivar for å realisere strategiane til Statens landbruksforvaltning.

E-FORVALTNING

For å sikre at aktivitetane på IT-området medverkar optimalt til å gjennomføre SLFs strategi, er det innført porteføljestyring av IT-aktivitetane i SLF i 2008. Formålet med IT-porteføljestyring er også å realisere ei meir strategisk utvikling av SLFs tekniske plattform for elektronisk forvaltning. Dette er nødvendig for å gjennomføre effektivt og lønnsamt vedlikehald og utviklingsarbeid. SLFs IT-portefølje består av aktivitetar som overstig eit visst omfang. Aktivitetane kan vere utgreiingar, forprosjekt, hovudprosjekt, eller vedlikehald og vidareutvikling av eksisterande tenester og løysingar. Mange IT-relaterte oppgaver blir også utførte utanfor IT-porteføljen, til dømes i samband med intern drift, brukarstøtte og rådgiving.

I 2008 har vi spesielt prioritert aktivitetar som:

- medverkar til at SLFs strategi blir gjennomført
- er lønnsame

- medverkar til å redusere risiko for driftsavbrot og ustabilitet, til dømes utfasing av gammal teknologi
- medverkar til reduserte IT-kostnader og enklare vedlikehald, til dømes etablering og bruk av felleskomponentar

Før 2008 hadde SLF prioritert utviklinga av nye tenester. Arbeid knytt til teknisk infrastruktur og plattform var ikkje prioritert. Konsekvensen var eit større etterslep av aktivitetar som bør utførast på teknisk infrastruktur og plattform for å sikre forsvarleg og stabil drift av SLFs IT-løysingar. I 2008 blei det sett i gang fleire aktivitetar for å redusere risikoen i samband med ei eldre plattform. IT-porteføljen i 2008 var sterkt prega av dette.

Nokre hovudresultat av IT-porteføljen 2008

- Vellykka vedlikehald og drift av SLFs elektroniske tenester.
- Kartlegging av eldre teknologi blei gjennomført, og ein lang-siktig plan for utfasing av eldre plattform blei utarbeidd.
- Utgreiing i samband med flytting av utbetalingsløysing for produksjonstilskot og avløysartilskot til ny økonomiløysing blei gjennomført. Gjennomføring av flytting skjer i samsvar med plan.
- Full integrasjon med Altinn og etablering av tryggleiksløysing for Nett-SLF blei gjennomført. Fem av SLFs elektroniske tenester er no tilgjengelege via Altinn.
- SLFs kunderegister, *Landbruksregisteret*, blei ferdig etablert på ny plattform. Dette reduserer bindinga til eldre plattform og reduserer dermed risiko.
- Outsourcing av vedlikehald av applikasjonar er gjennomført. Dette er eit risikoreduserande tiltak.
- Outsourcing av drift av økonomisystemet Agresso er i hovudsak gjennomført, noko som også medverkar til å redusere risiko.
- Elektronisk teneste for erstatningsordningane i landbruket er



ferdigstilt og gjord tilgjengeleg via Altinn.

- Elektronisk teneste for import av landbruksvarer er sett i drift og gjord tilgjengeleg via Altinn.
- Elektronisk teneste for kjøp og leige av mjølkekvote er gjord tilgjengeleg via Altinn.
- Utgreiing av teknisk løysing for å støtte forvaltninga av pristilskot for kjøtt er gjennomført.
- Endringar som har oppstått som følgje av jordbruksoppgjeret 2008, er handtert og under arbeid.
- På oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet har Statens landbruksforvaltning utvikla ein tenestekatalog for LMD og underliggjande etatar. Tenestekatalogen blei ferdigstilt og sett i drift seint på hausten i 2008. Han vil bli offisielt opna vinteren 2009. Statens landbruksforvaltning har førebels publisert éin applikasjon, éi datakjelde og éi netteneste.

På grunn av den finansielle situasjonen SLF er i, blei fleire aktivitetar i IT-porteføljen 2008 redusert i forhold til det som var tilrådd. Dette har både påverka tempoet i arbeidet med å redusere risikoen ved eldre plattformer, og utsett mogleg gevinstrealisering og levering av nye tenester. Når det gjeld utviklingsprosjekt, har det knappe budsjettet ført til at det går lengre tid enn tilrådd før nye tenester er tilgjengelege.

NYSKAFFINGAR

SLF har i 2008 etablert reviderte retningslinjer og rutinar for nyskaffingar. For å sikre at tilsette i SLF har nok kunnskap om retningslinjene og rutinane, er det i 2008 gjennomført orienteringsmøte med alle seksjonar i SLF. Retningslinjer, rutinar og oppdatert regelverk er tilgjengeleg for alle tilsette via SLFs intranettløyning.

Fullmaktene til den enkelte i samband med nyskaffinga er gitt som ein del av dei administrative føresegnene i budsjettet.

STATUS PÅ DEI SENTRALE RISIKOOMRÅDA

SLF har i 2008 vedteke versjon 04 av risikostyringsdokumentet sitt. Det er fokusert skarpere, og risikoområda er reduserte til to: komplekst regelverk og verksemdskritiske IT-system.

KOMPLEKST REGELVERK

SLF forvaltar eit omfattande, detaljert og komplekst regelverk innanfor mange område. Hyppige endringar i regelverket fører til auka kompleksitet og dermed også ei meir komplisert kontrollverksemd. Risikoen for å gjere feil kan auke – også risikoen for misleghald. Riksrevisjonen knyter omgrepet «komplekst regelverk» til «stadige endringar med risiko for at regelverket ikkje er oppdatert».

VERKSEMDSKRITISKE IT-SYSTEM

SLFs tenester blir støtta av fleire IT-system. I periodar er desse systema kritiske for at SLF skal kunne halde oppe tilfredsstillande tenester. Ei utfordring for SLF er den korte tida frå jordbruksforhandlingane er slutt, til endringane må vere implementerte i IT-løysingane. For å sikre ein god kvalitet på SLFs tenester er det kritisk at endringane er godt testa før produksjonssetjing. SLF har også utviklingsprosjekt som er krevjande når det gjeld kompetanse, planlegging og styring. Fleire av SLFs IT-system er nasjonale, og det er viktig at systema blir drifta på ein slik måte at tryggleiken og tilgangen til tenestene er godt skjøtta. Innanfor begge risikoområda er det sett i gang ei rad tilrådde tiltak.



INFORMASJON OG KOMMUNIKASJON

Seksjon dokumentasjon og informasjon (SDI) koordinerer informasjonsverksemda i SLF, og bidreg i samarbeid med andre avdelingar til at verksemda kommuniserer aktivt, samordna og brukarretta. Openheit og innsyn skal leggjast vekt på i tråd med SLFs verdjar. Andre viktige oppgåver i seksjonen er arkiv, postmottak, sentralbord og produksjon av trykksaker.

I 2008 har SLF arbeidd for å betre samordninga av kommunikasjonsverksemda internt. For å oppnå dette har vi lagt ned mykje arbeid i å vidareutvikle og betre system og rutinar.

SLF produserte ca. 350 nettnyheiter i 2008. Det er omtrent like mange som året før. Vidare har det i 2008 vore utført ein systematisk gjennomgang og ei betring av SLFs nettstad. Resultatet har vore at nettstaden er blitt meir brukarvennleg. Besøkstala på nettsidene har gått kraftig opp, og i evalueringa til Noreg, no fekk vi betre resultat enn nokon gong før. Vi vil arbeide for å betre nettstaden endå meir, og i 2008 greidde vi ut behovet for å skifte publiseringssløysing.

SLF deltok med stand på karrieredagen ved Universitet for miljø og biovitenskap. Det var ei positiv erfaring som vi gjerne vil gjenta og eventuelt byggje vidare på andre stader. Vi har derfor også utvikla presentasjonsmateriell for SLF i løpet av året.

Arkivet førebudde i 2008 overgangen til fullelektronisk arkiv frå 1. januar 2009. I den samanhengen blei det også utarbeidd ny arkivnøkkel. Omlegginga kravde også mykje generell rydding av gamle saker og omlegging av rutinar.

I samarbeid med Riksarkivet gjekk arkivet gjennom alle SLFs fagsystem for å avgjere kva slags data frå kva system som er bevaringsverdige for ettertida. På bakgrunn av dette er det arbeidd med integrering mellom fagsystem og arkivsystem slik at søknader og vedtak blir ajourførte automatisk. Automatisk integrering mellom fagsystem og arkivsystem er nybrottsarbeid, og SLF ligg heilt i front på dette området.

UTFORDRINGAR FRAMOVER

I løpet av 2009 skal det setjast konkrete mål for resultatoppnåing innanfor kommunikasjonsområdet på bakgrunn av målgruppeundersøkingar med meir. Her vil utfordringa først bestå i både å finne gode mål og i å finne ei klar ansvarsfordeling for å nå måla. Ei anna viktig utfordring er å betre bruken av kommunikasjon som verkemiddel. I løpet av året vil vi leggje til rette for utskifting av publiseringssløysing for å betre både intranett- og Internettssidene vidare.

Utfordringar elles er utskifting av noverande arkivsystem og etablering av servicesenter.

PERSONAL- OG ORGANISASJONSUTVIKLING

Per 31. desember 2008 hadde SLF 185,5 årsverk.

I 2008 var det ein turnover på 6,3 prosent inklusive tilsette som gjekk av med pensjon. Når vi ser bort frå dei som har gått av med pensjon, har SLF ein turnover på 5,2 prosent.

SLF er opptekne av å følgje opp statleg arbeidsgivarpolitikk. I 2008 blei SLFs lønns- og personalpolitikk revidert, og endringar

SJUKEFRÅVERET I SLF 2006–2008

Sjukefråvere i prosent, eigenmeldt og sjukemeldt. Kvartalsvis fordeling



som følgje av ny hovudtariffavtale blei innarbeidde. Det blir jamleg halde møte med tenestemannsorganisasjonane, og samarbeidet med dei tillitsvalde fungerer godt.

SLF er opptekne av å medverke til god helse og trivsel hos medarbeidarane våre, og vi legg stor vekt på førebyggjande tiltak. Fleire tiltak blei gjennomført i 2008. Treningskampanjen som blei etablert i 2006, er ført vidare. Oppslutninga har vore stor, og omtrent halvparten av alle medarbeidarar deltok i ei eller anna form. SLF legg vidare vekt på at kantinen skal tilby dei tilsette sunn og næringsrik mat med bruk av økologiske råvarer. Arbeidet for eit inkluderande arbeidsliv er ført vidare i 2008. SLF arbeider kontinuerleg med førebygging og oppfølging av sjukefråvere, og hadde i 2008 ein nedgang i sjukefråveret samanlikna med dei to siste åra (sjå graf over). Vi oppnådde dermed IA-delmålet vårt om å ha eit sjukefråvere lågare enn 4 prosent i årsgjennomsnitt.

SLF arrangerte eit dagsseminar for leiarar, tillitsvalde og verneombod om *Etikk, ytringsklima og varsling* våren 2008. Formålet med seminaret var å få meir kunnskap om rettane til dei tilsette og plikter for varsling, dilemma knytte til varsling og føresetnader for eit godt ytringsklima. SLFs varslingsrutine blei utarbeidd på bakgrunn av diskusjonane under seminaret.

ORGANISASJONSENDRINGAR

I løpet av 2008 blei det etablert ein ny organisasjonsstruktur i Avdeling ressurs og areal. Bakgrunn for organisasjonsendringa var ei oppfølging av rapporten *Videreutvikling av SLFs rolle og oppgaver på skogområdet*. Som følgje av endringa har avdelinga no fire seksjonar: Seksjon landbruks- og naturskadeerstating, Seksjon miljø og klima, Seksjon arealbruksutvikling og den nyoppretta Seksjon

skog og kulturlandskap. Den nye seksjonen har det samla fagansvaret for skogoppgåvene i SLF både når det gjeld tilskotsforvaltning, skogfond og lovforvaltning. I tillegg har seksjonen mellom anna det overordna fagansvaret for kulturlandskapsområdet, inkludert koordineringsansvaret for SMIL-ordninga. Seksjon miljø og klima (tidlegare seksjon miljø og kulturlandskap) har enno hovudansvaret for miljøprogrammsatsinga i landbruket i tillegg til at han har fått koordineringsansvaret for klimaområdet.

For å få ei tydelegare og meir målretta satsing på kommunikasjonsarbeidet i SLF blei kommunikasjonsmedarbeidarane i Avdeling administrasjon skilde ut i ein eigen stab under administrerende direktør frå 1. november 2008.

For å effektivisere arbeidet med å betre den eksterne og interne servicen blei det i 2008 også vedteke å etablere SLFs servicesenter. Det nye servicesenteret skal vere eit fagmiljø for støttefunksjonane i SLF. Servicesenteret vil ha ein oppgåveportefølje som omfattar noverande forromsfunksjon, kontorservice, resepsjon/sentralbord, post og kopisenter. Servicesenteret vil også gradvis kunne overta andre oppgåver av både administrativ og fagleg art. Senteret vil bli operativt første halvdel av 2009. Servicesenteret vil liggje i same seksjon som arkivet.

KOMPETANSEUTVIKLING

Kompetanse er strategisk viktig for SLF, og på bakgrunn av dette har SLF eit eige kompetanseprogram som tilbyr kollektive og individuelle opplæringstiltak for leiarar og medarbeidarar. I tillegg til å delta på felles kurs og seminar har tilsette også moglegheit til å søkje stipend til etter- og vidareutdanning og å søkje om midlar til å finansiere ekstern hospitering.

Gjennom kompetanseprogrammet blei det i 2008 arrangert to- talt 23 kurs og seminar. Forvaltningsrett har vore eit viktig te- maområde i 2008. Det har her vore arrangert tiltak for både saksbehandlarar, juristar og leiarar. Kompetanseprogrammet er eit supplement til det som skjer av kompetanseutvikling i avde- lingane gjennom det daglege arbeidet.

Ein av dei tilsette hadde eit lengre hospiteringsopphald ved eit kommunalt landbrukskontor. SLF har også hatt ein hospitant i EU-kommisjonen våren/sommaren. SLF søker også å leggje til rette for mobilitet for medarbeidarar mellom SLF og Landbruks- og matdepartementet.

I 2008 gjekk SLF inn i ein fireårig rammeavtale om konsulent- bistand til leiings- og organisasjonsutvikling og rekruttering. Avtalen omfattar utarbeiding av eit kollektivt leiingsutviklings- program og individuell leiarutvikling. Programmet skal vere tufta på *Plattform for statleg leiing*, og alle leiarane og dei tillitsvalde fekk i 2008 ei innføring i denne.

SLF er godkjend som lærebedrift innanfor IKT-driftsfaget, og har for tida tilsett ein lærling. SLF tek del i *Direktoratenes trainee- program 2008–2009*, og hausten 2008 har vi i tillegg hatt ein praktikant på det rekneskapsfaglege området.

MANGFALD

Det er eit personalpolitisk mål at staten skal auke rekrutteringa av tilsette med innvandrarakgrunn og tilsette med redusert funksjonsevne. I tråd med sentrale retningslinjer og personalpo- litikken i SLF blir kvalifiserte innvandrarar og søkjarar med redu- sert funksjonsevne kalla inn til stillingsintervju ved rekruttering til ledige stillingar.

LIKESTILLING

SLFs personalpolitikk støttar arbeidet med å oppnå likestilling mellom kjønna. Vi arbeider aktivt med å leggje til rette arbeidssi- tuasjonen for tilsette i samsvar med lønns- og personalpolitikken vår. I 2008 har det vore større oppslutning om kompetansetiltaka blant kvinner enn menn. Det har også vore fleire kvinner enn menn som har vore prosjektleiarar.

I 2008 blei det tilsett 15 kvinner og 9 menn. SLF fokuserer på likelønn ved nytilsetjingar. Det blei gjennomført lokale lønnsfor- handlingar hausten 2008. SLF følgde opp den sentrale føringa om at kvinner burde ha ein større del av potten enn ei prorata- fordeling tilseier ut frå kor stor del av lønnsmassen dei utgjær. 56 prosent av 2.3.3-potten gjekk til kvinner i forhold til lønnsmas- sen deira på 51 prosent.

Gjennomgåande tener dei mannlege tilsette i gjennomsnitt meir enn dei kvinnelege. Dei kvinnelege førstekonsulentane og sek- sjonssjefane tener likevel i gjennomsnitt meir enn dei mannlege kollegaene. Fleire kvinner har blitt seniorrådgivarar. Kvinnene sin del av menn si gjennomsnittslønn i stillingsgruppa «Prosjektleiar/ seniorrådgivar/arkivleiar» har hatt ein merkbar auke sidan 31. de- sember 2007 (med 6 prosentpoeng).

Alle lønnsforskjellar er ikkje nødvendigvis knytte til kjønn. For- skjellar i alder kan til dømes vere med på å forklare lønnsforskjel- lar mellom kvinner og menn.

UTFORDRINGANE FRAMOVER

SLF opplever at tilgangen på kvalifisert arbeidskraft er betra i løpet av det siste året. Det er likevel viktig å halde på dyktige medarbeidarar og vidareutvikle kompetansen deira innanfor fag, forvaltning og samfunn på ein slik måte at SLF fyller rolla som direktorat og har evne til å tilpasse seg eventuelle framtidige endringar i rammevilkår.

GRØN STAT

SLF fører vidare dei etablerte ordningane innanfor miljøleiing. SLF har ei ordning med bortkjøring og resirkulering av alt pa- piravfall inkludert makulert papir. Kassert IT-utstyr blir på same måten samla inn, levert og destruert på forskriftsmessig vis. Inn- kjøp av papir er frå 2007 til 2008 redusert med 10 prosent, mel- lom anna ved overgang til større skjermar og reduksjon av talet på utskriftseiningar. SLF distribuerer rundskriva elektronisk over Internett eller via e-post. Vidare stiller vi miljøkrav ved kjøp av tenester frå eksterne trykkjeri. Vi stiller også miljøkrav til kjøp av papir og reinhaldsprodukt til bruk i SLF. I 2008 har SLF prioritert kjøp av nye serverar og virtualisering av servermiljøet. Dette med- verkar også til lågare straumforbruk og mindre kjølebehov. Når heimekontorløyisingar skal skiftast ut, får kvar person éin berbar PC som kan koplast opp via dokkingstasjon med ekstern skjerm i SLFs lokale. Dette gir òg eit positivt bidrag til miljøet. SLF har vidare førebudd overgang til bruk av tynn klient-løyising internt i bedrifta, noko som vil forlengje brukstida for eksisterande PC-ar.

NØKKELTAL PER 31. DESEMBER 2008 (LIKESTILLING)

	%	tal
Kvinnedel*	53 %	
Tal på kvinner i deltidsstilling		20
Tal på menn i deltidsstilling		2
Tal på eksternt kunngjorde stillingar		30
Prosentdel kvinnelege søkjarar til dei eksternt kunngjorde stillingane **	52,5 %	
Tal på nyttilsette kvinner		15
Tal på nyttilsette menn		9
Kvinner sin del av totalt tal på overtidstimar		45,4
Tal på leiarar***		21
Tal på kvinnelege leiarar		6
Tal på mannlege leiarar		15
Prosentdel kvinnelege leiarar	28,6 %	
Tal på faste kvinnelege avløyssarar (per 01.01.2009)		14
Tal på prosjekt		17
Prosentdel kvinnelege prosjektleiarar	65 %	
Tal på kvinner som har fått stipend til etter- og vidareutdanning, eksterne kurs		6
Tal på menn som har fått stipend til etter- og vidareutdanning, eksterne kurs		-
Tal på nytta plassar på interne kurs og seminar ****		213
Prosentdel kvinner som har vore med på interne kurs og seminar	69 %	

* Det var fleirtal av kvinner i alle avdelingar med unntak av kommunikasjonsstaben.

** Rekrutteringsprosessen knytt til 6 av desse stillingane var ikkje avslutta per 31.12.2008.

*** Tilsette leiarar. Dei som fungerer mellombels, er ikkje tekne med i denne oversikta.

**** Obligatoriske tiltak og kortare seminar utan påmelding er då haldne utanom.

KJØNNSFORDELING OG GJENNOMSNITTELEG AVLØNNING FOR KVINNER OG MENN PER 31.12.2008*

Stillingsgruppe	Tal på kvinner	Lønn kvinner	Tal på menn	Lønn menn
Leiing	6	621 800	15	615 267
Konsulent/sekretær	9	350 767	4	378 300
Førstekonsulent/seniorkonsulent	21	395 400	11	393 755
Rådgivar	46	423 198	26	449 931
Prosjektleiar/seniorrådgivar/arkivleiar	30	521 297	32	531 203

* Tabellen baserer seg på kor mange som totalt fekk lønn frå SLF per 31.12.2008. Tabellen inkluderer dermed både tilsette som er i lønt permisjon, og vikarane deira. Administrerande direktør, som er lønt på leiarlønnskontrakt, er halden utanom i denne oversikta. Lærlingen er heller ikkje inkludert sidan lønna er sentralt regulert.



Kontroll

Statens landbruksforvaltning har etablert rutinar og system som skal sikre at dei økonomiske og juridiske verkemidla blir forvalta i samsvar med Stortingets føresetnader. Dette er ei omfattande og krevjande oppgåve for forvaltninga. Ein tilfredsstillende kontroll er avgjerande for tilliten til forvaltninga og legitimiteten til politikken og verkemidla.

SLF har intern kontroll i linja. Internkontrollen skal sikre effektiv ressursbruk, korrekt rekneskap, påliteleg informasjon og saksbehandling, dessutan at lover og reglar blir følgde. Som del av internkontrollen i SLF blir det gjennomført automatiske administrative kontrolltiltak.

SLF har etablert ei eiga kontrollleining, seksjon ekstern kontroll. Kontrollleininga har som oppgåve å føre manuelle stikkprøvekontrollar med at føresetnadene for å få ulike tilskot og rettar er til stades. Målet med kontrollverksemda er å rette feil og kartleggje om måla blir nådde, og om alle vilkåra blir etterlevde. Eksternkontrollen er viktig for å støtte opp om målet om einskapleg og effektiv forvaltning av dei landbrukspolitiske verkemidla som SLF har ansvaret for. Ein arbeider aktivt med å betre og effektivisere kontrollane og sikre at dei rapporterte kontrollresultata blir følgde opp, både internt og i dialog med fylkesmenn, kommunar og aktuelle føretak/selskap.

RISIKOVURDERINGAR

I kontrollverksemda blir risikovurderingar brukte for å oppnå effektive kontrollar. Dette inneber at kontrollobjekta blir valde ut etter ei vurdering både av risiko for at feil kan oppstå, og av

moglege konsekvensar dersom feil oppstår. Kontrollar kan også veljast ut på bakgrunn av tips.

VIKTIGE RESULTAT AV STIKKPRØVEKONTROLLAR I 2008

Det blei gjennomført risikobaserte stikkprøvekontrollar av tilskotsordningar, rettar og avgifter gjennom heile året. Kontrollane blei gjennomførte både som stadlege kontrollar hos føretak/selskap og ved dokumentkontrollar. Funn i samband med kontrollar er viktige resultat som blir formidla til forvaltninga og er grunnlag for vedtak som rettar opp feil eller medverkar til å betre regelverk og retningslinjer.

Av viktige funn i 2008 kan vi nemne:

- SLF gjennomførte kontroll av eit føretak som har fått tilskot til heilkjedeavtalar for økologiske produkt. Det blei ikkje funne feil i utbetalinga av tilskot. Det same føretaket har også fått tilskot etter premieringsordninga for økologisk kjøtt, og kontrollen leidde til ei endring av søknadsgrunnlag og rutinar. Kontrollen avdekte behov for visse presiseringar i regelverket for begge ordningar.
- Ved kontroll av eit slakteri som er formidlar av distriktstilskot til kjøttproduksjon, blei det avdekt mangelfulle rutinar for fakturering, arkivering og rapportering. Det blei også dokumentert feil i utbetaling av tilskot fordi karenstida ikkje blei overhalden ved flytting av dyr mellom soner i samsvar med krav i forskrifta. Dette har resultert i krav om tilbakebetaling av urettkomme utbetalt tilskot.
- SLF har gjennomført oppfølgingskontroll av ordninga marknadsregulering egg for perioden 2005 og 2006. Størstedelen

av midlane til avsetningstiltak for denne ordninga går til eksport av fersk eggekviite til Sverige, der eggekviiten blir vidareforedla til eggekviitepulver. SLF har på førespurnad til dei svenske styresmaktene fått opplyst kor mykje eggekviitepulver som er selt til enkelte land vi har spurt om. Vi spurde også om salsprisen for eggekviitepulver, men fekk ikkje svar på det. Sverige gir eksportstøtte ved sal av eggekviitepulver. På bakgrunn av dei opplysningane som ligg føre i kontrollen som SLF har gjennomført, har SLF ikkje merknader til praktisering av ordninga.

- SLF har gjennomført kontroll hos to næringsmiddelbedrifter som har fått tilskot til prisnedskrivning for bruk av norske råvarer, dessutan tilskot innanfor ordninga eksportrestitusjon. I begge kontrollane blei det funne feil i søkjegrundlaget, slik at det urettmessig er utbetalt for mykje tilskot. SLF vil følgje opp saken med krav om tilbakebetaling av urettmessig utbetalt tilskot.
- Det har i løpet av året vore utført fem kontrollar på import av fetaost og mozzarella i samarbeid med Tollregion Oslo og Akershus. Ved import skal vekta av både ost og lake/olje avskrivast kvotane. Nokre mindre avvik blei funne.

SAMARBEID MED FYLKESMANNEN OM KONTROLL

I 2006–2007 gjennomførte SLF prosjektet *Kontroll av tilskot i landbruket* der fylkesmannen fekk tilført kontrollkompetanse, rutinar og malar for gjennomføring av kontrollarbeid. I 2008 fekk kontrollleininga i SLF ansvar for å følgje opp at fylkesmannen utfører det regionale kontrollansvaret sitt på ein tilfredsstillande måte. På denne bakgrunnen utførte kontrollleininga ei spørjeundersøking retta mot fylkesmannsembeta, og resultatet av denne viser at omfanget av kontroll med den kommunale landbruksforvaltninga har auka vesentleg det siste året. Fylkesmannen har i tillegg gjennomført kontroll av ei rad føretak – også dette med grunnlag i den risikobaserte kontrollplanen som SLF påla fylkesmannen å utarbeide.

SLFs spørjeundersøking viser at fylkesmannen opplever forståing for at det er viktig å kontrollere kommunar og føretak, og også aksept for kontrollfunna. Fylkesmannen vil følgje opp at kommunane utbetrar rutinane sine og rettar feil der dei er funne. Det har også blitt retta krav om tilbakebetaling av tilskotsmidlar der kontrollen har påvist at føretak har fått tilskot på uriktig grunnlag.

SLF har i 2008 arrangert eit todagars seminar for medarbeidarar under fylkesmannen som arbeider med kontroll på landbruksområdet. Fylkesmannen fekk her tilført ytterlegare kompetanse på kontrollområdet gjennom fagleg påfyll frå eksterne førelesarar, i tillegg til fleire programpostar med utveksling av erfaringar frå kontrollarbeidet i dei ulike embeta. SLF har gjennom kontroll-

samlinga fått nyttige tilbakemeldingar frå embeta til bruk i vidare arbeid knytt til oppfølgingsansvaret SLF har for kontrollarbeidet til fylkesmannen.

Fylkesmannen rapporterer om kontrollverksemda si og resultatata frå kontrollane sine i årsrapporteringa til Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD).

SAMARBEID MED ANDRE OM KONTROLL

SLF, Tollregion Oslo og Akershus og Mattilsynet Oslo har etablert eit nettverk som gjennom fleire år har hatt fellesmøte fleire gonger i året innanfor området for kontroll av matvarer ved import. Formålet med møta er å utveksle kunnskap og byggje opp felles kompetanse, dessutan utarbeide eventuelle felles kontrolltiltak. Det blei gjennomført tre møte i 2008.

Samarbeidet mellom etatane har vidare ført til god dialog om enkeltsaker med felles berøringspunkt. Eksternkontrollen i SLF og bedriftskontrollkontoret i Tollregion Oslo og Akershus etablerte i 2007 eit samarbeid om kontroll av importkvotar for fetaost og mozzarella i lake/olje. Samarbeidskontrollane blei gjennomførte i 2008.

Som grunnlag for saksbehandling og førebuing av kontrollar hentar SLF inn opplysningar frå Tollvesenet for å kunne vurdere om føretaka importerer landbruksråvarer samtidig som dei søkjer tilskot frå SLF. Dette er viktig informasjon og gir nyttige opplysningar når ein førebur kontrollar. Eventuelle funn som har verdi for Tollvesenet, blir rapporterte tilbake.

I samsvar med ein samarbeidsavtale med Skattedirektoratet hentar SLF også inn informasjon frå skatteetaten om føretak der SLF planlegg kontroll. SLF har også ein samarbeidsavtale med Mattilsynet der SLF kan få opplysningar i samband med kontroll.



Beredskap

Ansvar for beredskapsarbeidet i SLF er lagt til resultatområdet omsetning og marknadstiltak. SLF har i 2008 fått overført beredskapsoppgåver innanfor skogområdet. Planarbeidet for dette området vil bli ferdigstilt i løpet av 2009. I tillegg er SLF gitt ei meir aktiv rolle med beredskapsarbeidet innanfor matforsyning. Dette inneber at SLF vil leie beredskapsarbeidet ved ein eventuell matforsyningskrise opp mot marknadsregulatorane (TINE BA, Nortura BA og Norske Felleskjøp). SLF gjennomførte ei beredskapsøving i desember 2008 som vil bli evaluert av Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) på nyåret 2009. Arbeidet med å gjere beredskapsplanverket meir kjent i organisasjonen, har halde fram i 2008.

UTFORDRINGAR FRAMOVER

- Etablere eit godt planverk for å møte ukjende krisesituasjonar
- Vidare avklaring av roller og ansvar i beredskapsarbeidet

Statens landbruksforvaltning

Postadresse: Postboks 8140 Dep.

NO-0033 Oslo, Norway

Besøksadresse: Stortingsgt. 28

Telefon: +47 24 13 10 00

Telefaks: +47 24 13 10 05

E-post: postmottak@slf.dep.no

Web: www.slf.dep.no





Statens landbruksforvaltning
Norwegian Agricultural Authority

Årsrapport 2008

